

Helge Hognestad si teologiske utvikling og drøfting av hans teologiske posisjon

Steinar Westrheim

AVH505 Masteravhandling (30 studiepoeng)
Erfaringsbasert master i RLE/Religion og etikk

Det Teologiske Menighetsfakultetet, våren 2011

Rettleiar: Førsteamanuensis Arild Romarheim

Innhald

1. Innleiing	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Problemstilling.....	5
1.3 Metode	5
1.4 Disposisjon	7
1.5 Tidlegare undersøkingar av Hognestad sin posisjon	8
1.6 Helge Hognestad, ein punktmessig biografi.....	9
2. Utgangspunkt i eit samfunnsvitskapleg syn på kyrkja	10
2.1 Frigjering som målsetjing	10
2.2 Samfunnsfagleg blick på Bibel og kyrkje	10
2.2.1 Legitimering av makt- og samfunnsstrukturar	11
2.2.2 Legitimering av den samfunnskapte kyrkjeverkelegheit.....	13
2.3 Ei kyrkje for dagens verkelegheit med utgangspunkt i erfaringar.....	14
2.3.1 Ei politisk handlande kyrkje i samfunnet si teneste	15
2.4 Forkynning i Høvik for samfunnsmessig aktivisering og mobilisering	16
2.4.1 Revisjon og politisk aktualisering av gudstenesta.....	17
2.4.2 Demokratisering	17
2.5 Innspel på Hognestad sitt samfunnsorienterte syn på kyrkja	18
2.6 Oppsummering av den første fasen: Frigjeringsteologi	20
3. Mot ei bevisstheitsmessig og psykologisk orientering.....	22
3.1 Menneskeleg bevisstheitsmessig evolusjon.....	23
3.1.1 Hovudtrekk i bevisstheita sin utviklingsprosess	23
3.2 Jungiansk djupnepsykologi som fortolkingsramme	25
3.2.1 Religion som terapi og ein veg til menneskeleg vekst	26
3.2.2 Psykens struktur og dynamikk	26
3.2.3 Det kollektivt ubevisste og gudar som arketypar	27
3.2.4 Selvet som den sentrale, guddommelege arketyt og målet for tilveret	28
3.2.5 Individuasjonsprosessen, å bli heil.....	29
3.2.6 Parapsykologiske erfaringar	31
3.3 Ei kyrkje for bevisstheitsutvikling.....	32
3.3.1 Kyrkja og den indre vegen	32
3.4 Forkynning for bevisstgjerung omkring psykologisk evolusjon.....	33

3.4.1 Eit moderne, heilskapleg og rasjonelt verdsbilete.....	34
3.4.2 Det indre gudsriket og kontakten med dette.....	34
3.4.3 Andre vegar enn kristendomen	36
3.4.4 Synd som avgrensingar i evolusjonen	36
3.5 Følgjer av og debatt omkring Hognestad si psykologiske orientering	37
3.5.1 Perioden frå Hognestad blir statsstipendiat til han igjen blir prest i 2000	37
3.5.2 Perioden som prest frå 2000 til mars 2010.....	39
3.5.3 Dei tre siste månadene fram til Hognestad blir pensjonist i juni 2010.....	41
3.6 Oppsummering av den andre fasen: Nyreligiøs tilnærming	43
4. Hinsides teismen - Hognestad sin teologiske posisjon.....	45
4.1 Synet på Bibelen	45
4.1.1 Situasjonsavhengig historisk og symbolsk teologisk fortolking	45
4.1.2 Historiske erfaringar med frigjerande bevisstheitsutvikling i Bibelen.....	47
4.2 Synet på Gud	49
4.3 Synet på Jesus	51
4.4 Frelse gjennom frigjering og forvandling.....	53
4.5 Synet på mennesket	55
4.6 Oppsummering – hinsides klassisk kristendom.....	56
5. Drøfting av Hognestad sin teologiske posisjon.....	58
5.1 Sekulære livssyn	58
5.1.1 Nymarxisme	58
5.1.2 Humanisme.....	59
5.2 Nyreligiøsitet	60
5.2.1 Nygnostisisme	60
5.2.2 New Age.....	61
5.2.3 Subud.....	62
5.3 Kristendom og liberal teologi	63
5.3.1 Klassisk liberalteologi	64
5.3.2 Postmoderne liberalteologi.....	65
5.4 Oppsummering	67
6. Konklusjon: Transformert kristendom og postmoderne liberalteologi	68
7. Litteraturliste	71

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Heilt sidan Helge Hognestad forsvarte sin teologiske doktorgrad i 1978, har det pågått offentlege debattar om meiningane hans og hans rolla i kyrkja.

Eit søk i norske avisarkiv gir hundrevis av treff på namnet hans. Dette er hendingar der han har vore sentral, for eksempel at han har blitt innsett eller avsett som prest, men også kronikkar og lesarbrev skrivne av han sjølv og andre. I tillegg har han også halde ei rekkje preiker i kyrkjer og skrive omdiskuterte bøker kor han utdjuar synspunkta sine på blant anna kyrkjjas rolle i samfunnet, det guddommelege, moderne religiøsitet og kristendom.

Eit sentralt trekk gjennom heile perioden er at Hognestad ønskjer å endre og utvikle den tradisjonelle lutherske kristendomen. Han meiner denne ikkje tilsvarar eit moderne verdsbilete, og han vil derfor reformere kristendomen frå innsida, blant anna ved hjelp av framskritt innan natur- og samfunnsvitskap, historie og psykologi.

Doktorgradsavhandlinga *Forkynning som legitimering* frå 1978 markerer starten på dette prosjektet, men titlane på seinare bøker avspeglar dette tydelegare, for eksempel *Tro underveis* i 1984 og ikkje minst den siste boka frå 2006, *Gud i mennesket. Ny tid - Ny kristendom*.

Han ønskjer å bidra til ein ny reformasjon med vidtgåande konsekvensar for kyrkje, tru og samfunn, og det er også denne radikale målsetjinga som har gitt han så mykje plass i media. Tankane hans har blitt oppfatta som kontroversielle og avvikande i høve til den tradisjonelle kyrkjelæra, og derfor mykje debattert.

På den eine sida har han blant anna blitt kritisert for å ha nyreligiøse oppfatningar som vanskeleg kan foreinast med Den norske kyrkja, mens han på den andre sida også har hatt mange tilhengarar i kyrkjelydane sine.

Eg har gjennom mange år registrert denne debatten og har også lenge ønska å setje meg grundigare inn i kva Hognestad eigentleg står for, og dette er bakgrunnen for val av tema i denne masteroppgåva.

1.2 Problemstilling

Tittelen, *Helge Hognestad si teologiske utvikling og drøfting av hans teologiske posisjon*, avspeglar ei todelt problemstilling.

For det første vil eg kartlegge hovudperspektiva som Hognestad legg til grunn for reformasjonsprosjektet sitt heilt frå doktoravhandlinga i 1978 og fram til han går av med pensjon i 2010. Her vil eg kronologisk klargjere hans teologiske utvikling gjennom desse dryge 30 åra.

På bakgrunn av dette vil eg syntetisere og trekkje ut kva som er det sentrale i hans teologiske posisjon når det gjeld synet på Bibelen, Gud, Jesus, frelse og mennesket.

Derneft vil eg drøfte denne teologiske posisjonen for å klargjere korleis denne kan karakteriserast i høve til kristendom og andre livssyn som det er relevant å sjå den i høve til. Det vil eg gjere ved å samanlikne Hognestad sin posisjon med blant anna kristendom, humanisme og nyreligiøse retningar.

Problemstillinga har då på eine sida eit kronologisk og deskriptivt syfte og på den andre sida ei drøftande tilnærming til Hognestad sin teologiske posisjon. Dette fører til følgjande problemstilling:

Korleis veks Hognestad si alternative kristendomsforståing fram, og korleis kan hans teologiske posisjon karakteriserast?

Problemstillinga har eit deskriptivt utgangspunkt og siktemål, og den er altså ikkje normativt motivert. Eg tar ikkje stilling til om Hognestad kan vere prest i kyrkja eller ikkje, og det er derfor viktig å understreke at eg ser på dei ulike omgrepa eg brukar som verdinøytrale hjelpemiddel i analysen. Omgrep som ”gnostisisme”, ”nyreligiøsitet”, ”konservativ” og ”liberalteologi” er derfor korkje negativt eller positivt lada i fortsetjinga.

1.3 Metode

Kjeldematerialet mitt er tekstar skrivne av Hognestad og andre som meiner noko om hans teologi. Eg samlar ytringar som er spreidd over fleire bøker eller som framstår som ufullstendig, og prøver å fortolke og syntetisere desse.

Oppgåva er derfor fundert på ein fortolkande og hermeneutisk metode. Her er det viktig å vere klar over at tekstane og forståinga står i ein uavslutta, hermeneutisk sirkel (Henriksen, 2006a). Det inneber blant anna at mi forståing av tekstane endrar seg med lesinga, men også at lesinga endrar seg med mi forståing.

Samanlikning er ein viktig strategi i denne hermeneutiske prosessen. Stausberg (2006) understrekar at samanlikning ikkje er ein metode, men heller ein uunngåeleg og naturleg strategi i praktisk talt alt vitskapleg arbeid. Noko nytt og ukjent blir alltid samanlikna med noko me allereie kjenner, og i dagens pluralistiske samfunn og kontekst er det heller ikkje mogleg å forholde seg til berre eitt synspunkt (Stausberg, 2006).

Det er vidare umogleg å gjere ei objektiv samanlikning, alle samanlikningar er subjektive og prega av forskaren sine interesser og oppfatningar (Stausberg, 2006). Det er derfor fortolkingar frå min bestemte synsvinkel som kjem fram i denne oppgåva.

Her, som i all religionsvitskap, er omgrepsapparatet eller terminologien problematisk (Stausberg, 2006). Omgrep som ”Gud” og ”frelse” er ikkje eintydige, dei blir brukt innan ulike religionar og livssyn, men innhald og forståing kan vere totalt forskjellig. Samanlikningar kan derfor føre til forvrenging (Stausberg, 2006).

På den andre sida gjer likelydande omgrep samanlikning mogleg, og Stausberg (2006) meiner at slike blir styrka når dei er kontekstmetta, strategiske og refleksive.

Dette prøver eg å ta omsyn til, først ved å setje Hognestad sine meiningar inn ein vidare historisk kontekst. Eg velgjer eit kronologisk utgangspunkt for å få fram Hognestad sine meiningar i forhold til den tid og situasjon han står i. Derfor blir også tidsaktuelle innspel på Hognestad sin teologi trekt fram undervegs i oppgåva.

Her er det viktig å vere bevisst at alle desse ytringane er utforma med tanke på å ha bestemte funksjonar avhengig av aktuell situasjon og mottakar. Derfor er det naturleg at det er forskjell på Hognestad sine teologiske synspunkt når han skriv utgreiing til lærenemnda i Den norske kyrkja for å bli prest igjen, samanlikna med dei synspunkta han i ein annan situasjon presenterer for å kritisere kyrkja.

Det er eit strategisk val frå starten å få fram ulike oppfatningar på Hognestad slik at hans syn ikkje blir einerådane. Dei ulike innspela er også med på å tydeleggjere og avklare Hognestad sin posisjon, for eksempel i forhold til tradisjonell luthersk trusoppfatning og nyreligiøse retningar.

Når det gjeld den refleksive sida, så handlar det om å vere bevisst kor ein står i høve til det ein studerer (Tafjord, 2006), og få fram kva slags fordommar og interesser ein har (Henriksen, 2006a). I mitt tilfelle har eg ikkje noko spesielt forhold til korkje Hognestad, Den norske

kyrkja eller nyreligiøsitet, men målesetjinga å prøve å nærme meg Hognestad sitt innanfråperspektiv.

Dette er ei sentral målsetjing i all humanistisk vitskap, men samstundes må ein også prøve å forstå seg sjølv utanfrå (Tafjord, 2006). I praksis kan dette vere ein vanskeleg balansegang. Frå utsida kan ein aldri få eit fullstendig innsideperspektiv, men samstundes kan eit for tett innsideperspektiv medføre fare å miste den kritiske og naudsynte distansen.

1.4 Disposisjon

Disposisjonen er ordna tematisk med eit kronologisk utgangspunkt, og denne kombinasjonen gjer det mogleg å gi ei meir samla og grundigare framstilling enn kva eg kan få til med ein reint historisk-biografisk gjennomgang. Ei slik organisering blir lett meir springande og gjentakande.

Vidare i innleiinga kjem ein kort gjennomgang av tidlegare undersøkingar som er gjort på Hognestad sitt forfattarskap. Dette set mitt arbeid inn i ein større samanheng, og eg byggjer naturleg nok på det som er gjort før.

Eg inkluderer også ein kort og punktmessig biografisk oversikt over sentrale hendingar i Hognestad sitt liv. Fleire av desse episodane er dramatiske for kyrkja og Hognestad personleg og pregar store deler av debatten omkring han. Desse er derfor viktige for å kunne setje teologien hans i ein historisk samanheng.

Kapittel 2 og 3 er ein historisk gjennomgang av Hognestad si teologiske utvikling frå doktoravhandlinga og fram til i dag. Det er klart at utviklinga har skjedd gradvis, men for å skape struktur i oppgåva har eg valt å setje eit skilje i 1984, året han blir statsstipendiat.

Kapittel 2 omhandlar derfor dei første åra frå doktoravhandlinga og fram til han trekkjer seg frå prestestillinga i Høvik i 1984. Denne perioden er prega av at Hognestad har eit samfunnsvitskapleg og kritisk blick på kyrkja.

Kapittel 3 omhandlar tida som statsstipendiat og etter kvart deltidsprest fram til Hognestad går av med pensjon i 2010. Ved hjelp av psykologiske tilnærmingar byggjer han her gradvis opp eit fundament for ei ny kristendomsforståing.

Desse to kapitla er strukturert på same måte. Først kjem ein gjennomgang av det teoretiske grunnlaget, deretter viser eg korleis dette kjem til uttrykk i hans praktiske forkynning. Begge

kapitla blir avslutta med kommentarar og reaksjonar frå Hognestad sine kritikarar og tilhengjarar.

På bakgrunn av desse første kapitla gir eg så i kapittel 4 ei samlande og systematisk framstilling av Hognestad sitt syn på sentrale teologiske spørsmål. Her konsentrerer eg meg om synet på Bibelen, Gud, Jesus, frelse og mennesket.

Dette blir så utgangspunkt for kapittel 5 der eg drøftar korleis denne posisjonen kan karakteriserast.

Avslutningsvis kjem eit oppsummerande og konkluderande kapittel.

1.5 Tidlegare undersøkingar av Hognestad sin posisjon

Det er gjort få omfattande undersøkingar av Hognestad si teologiske utvikling, men den grundigaste og nyaste eg har sett, er gjort av Aadnanes i 2008. Han meiner Hognestad har utvikla seg frå ein sosiologisk og nymarxistisk kyrkjekritikar til ein nyåndeleg kristendomstolkar og ein talsmann for New Age-prega religiøsitet. Han finn likevel innslag av meir ortodoks kristendom i den utgreiinga Hognestad leverer til lærenemda for Den norske kyrkja våren 2000 då han søker om å bli prest igjen, men saka blir trekt tilbake av kyrkjestatsråden og derfor aldri vurdert av nemda.

I samanheng med Hognestads moglege retur som prest, publiserer Hugaas (1999) ei vurdering av Hognestad si teologiske utvikling og stilling. Han finn ei utvikling frå ein meir eller mindre tradisjonell kristen teologisk posisjon til ein ståstad prega av New Age og gnostisisme. På bakgrunn av dette konkluderer Hugaas (1999) med at Hognestad sine tankar er nyreligiøse, og at han derfor er ein vranglærer som ikkje bør vere prest i Den norske kyrkja.

Elles er det publisert mange vitenskaplege artiklar som tar for seg meir avgrensa sider ved det Hognestad og skrive eller sagt gjennom desse 30 åra.

Her kan ein for eksempel trekkje fram artikkelsamlingane til Solli (1986) og Wingren, Fløistad, Jervell, Lønning, og Hognestad (1978). Desse fokuserer på ulike sider ved doktoravhandlinga.

Ein nyare artikkel som ikkje direkte fokuserer på Hognestad, men som handlar mykje om han, er skriven av Skottene (2007). Han fokuserer på nygnostisk antropologi innan New Age, og Skottene meiner at Hognestad passar godt inn under ei slik overskrift. Han trekkjer blant anna

fram Hognestad sitt syn mennesket som sin eigen frelsar på vegen mot høgare guddommeleg bevisstheit.

Det er interessant å sjå at dei aller fleste vitskapelege artiklar som eg har lese, i større eller mindre grad er kritiske til Hognestad. Han får også mykje kritikk gjennom dagspressa gjennom heile perioden, men her er det også mange innlegg som støttar han og hans perspektiv. Frontane er steile på begge sider, frå hylling av det nye han representerer på eine sida til fordøming på den andre sida.

1.6 Helge Hognestad, ein punktmessig biografi

1940:	Fødd som presteson
1964:	Cand. theol ved Universitetet i Oslo
1965:	Ordinert til prest
1965 – 1971:	Vikarprest i Høvik, marineprest i Tromsø, ungdomsprest i Oslo
1971 – 1978:	Ulike studium, blant anna stipendiatstudium ved Universitetet i Oslo
1978:	Dr. theol, UiO, på avhandlinga <i>Forkynnelse som legitimering</i>
1980 – 1983:	Prest i Høvik, innsett mot biskopen sin vilje, må trekkje seg etter få år
1984 – 2010:	Statsstipendiat, gir ut fleire bøker, blant anna ein sjølvbiografi i 2000
1989:	Seier i frå seg presteordinasjonen
1994:	Hjartestans under meditasjonskurs
1998:	Vikarprest i Trysil
2000:	Reordinert og tilsett som vikarprest i Hamar bispedømme
2004 – 2010:	Seniorprest i 20% stilling i Hamar
2010, mars:	Mistar presterettane fram til avskilsgudstenesta i juni
2010, juni:	Blir pensjonist og får tilbake fulle presterettar

2. Utgangspunkt i eit samfunnsvitskapleg syn på kyrkja

2.1 Frigjering som målsetjing

Publiseringa av doktorgradsavhandlinga *Forkynnelse som legitimering* i dei to bøkene *Forkynnelse til oppbrudd* (Hognestad, 1978a) og *Forkynnelsen - kirkens forsvar?* (Hognestad, 1978b), markerer starten på Hognestad sitt ønskje om å endre og utvikle kristendomen og kyrkja.

Her peikar han først og fremst på det han meiner er galt i dagens kyrkje både i eit teologisk og eit samfunnsmessig perspektiv, noko som også blir antyda i titlane over. Kort sagt ser han på forkynninga som eit sosiologisk fenomen som forsvarar den noverande kyrkje-institusjonen.

Som han skriv i ei seinare bok (Hognestad, 1984, s. 9), meiner han at kristendomen må frigjerast frå den noverande posisjonen som held den i ”fangenskap i foreldede gudstanker og verdensbilder”.

Målet med å frigjere kyrkja blir sett inn i ein større samfunnsmessig samanheng, for viss kristendomen blir endra, kan menneska i neste omgong også bli frigjorte og dermed få ein betre livssituasjon (Hognestad, 1978b). Dette gjeld alt i frå den enkelte si psykiske helse til globale spørsmål om forureining og krig. Avhandlinga har dermed også eit tydeleg politisk siktemål.

Kritikken mot kyrkjias forkynning inneheld også kimen til kva teologisk retning han ønskjer kyrkja skal gå, men dette blir mykje tydelegare i seinare bøker, spesielt i tida etter han blir statsstipendiat. Her utviklar han etter kvart eit psykologisk fundament for ei ny kristendomsforståing.

Det er gradvise overgangar her, men for å skape struktur og oversikt fokuserer eg i dette kapitlet på det som er tydelegast i den første perioden, og det er Hognestad sitt samfunnsmessige utgangspunkt og engasjement.

2.2 Samfunnsfagleg blikk på Bibel og kyrkje

Avhandlinga er ei kritisk religionssosiologisk undersøking av kyrkja si forkynning i forhold til det samfunn ho er ein del av. Her er det eit viktig utgangspunkt at både teologi og kyrkjeinstitusjonen er samfunns- og menneskeskapte, og begge kan dermed også endrast av menneska.

Kritisk samfunnsvitskapleg analyse av dagens situasjon er eit viktig første skritt, for det gir eit utanfråperspektiv som gjer at ein kan forstå det som skjer i kyrkja på ein ny måte (Hognestad, 1978b).

I denne delen av avhandlinga (Hognestad, 1978a) brukar han nyare evangelieforskning i form av redaksjonshistorisk metode på Matteusevangeliet. Dette er ein historisk-kritisk innfallsvinkel der han fokuserer på tekstane sitt opphav og praktiske funksjon i dei situasjonane dei blei skrivne. Denne eksegesen konkluderer med at den gjeldande åndelege forståinga av evangeliet er forelda, og dette opnar for ei ny og moderne forståing av budskapet.

Hognestad gir ei samfunnsorientert og materialistisk fortolking som skil seg klart frå den tradisjonelle lutherske fortolkinga. I Hognestad (1978b) sitt perspektiv er Jesus ein politisk føregangsmann som viser korleis han ved ord og handling kritiserer gjeldande samfunnsordingar. Han støttar svake og undertrykte og forbettrar slik dei eksisterande sosiale forholda.

Det Bibelen kallar synd blir også forstått verdsleg-politisk, altså ikkje som opprør mot Gud, men som handlingar som bryt med samfunnsskapte eller religiøse reglar. Derfor er årsaka til urette handlingar ofte å finne i det sosiale fellesskapet som har utforma desse reglane og normene (Hognestad, 1978b).

Dette perspektivet er så utgangspunktet for den andre delen av avhandlinga (Hognestad, 1978b). Her undersøker han korleis predikantar reint faktisk forkynner over Matteusevangeliet. Han brukar også her samfunnsvitskaplege tilnærmingar og finn at predikantane forkynner ut i frå forelda forståingar både når det gjeld evangeliet og dagens samfunn. Dermed blir det stor avstand mellom det Hognestad meiner teksten handlar om og det som predikantane forkynner (Hognestad, 1978b).

2.2.1 Legitimering av makt- og samfunnsstrukturar

Hognestad (1978b) meiner at det gjennom historia har vore og er tette band mellom kyrkja og samfunnet den er del av. Banda verkar begge vegar, dei verkar stabiliserande og hindrar utvikling av begge (Hognestad, 1978b).

Hognestad (1978b) analyserer og viser korleis desse banda fungerer ved hjelp av kritiske og marxistiske samfunnsperspektiv representert ved Marx og Habermas. Dette er perspektiv som fokuserer på politiske maktkampar mellom ulike interesser og institusjonar i samfunnet.

I tillegg fokuserer Hognestad (1978b) snevrare på kyrkjeinstitusjonen ved hjelp av Berger og Luckmanns kunnskapssosiologi. Dei påpeikar at alle institusjonar, inkludert kyrkja, er samfunnsskapt. Perspektivet deira gir Hognestad modellar og omgrep som forklarar korleis denne skapinga skjer, blant anna det sentrale omgrepet "legitimering" som omhandlar korleis noko blir forklart, rettferdiggjort eller "gjort rett" innan ein bestemt samfunnsmessig institusjon.

Hognestad (1978b) argumenterer for at kristendomen og andre religionar opp gjennom historia har vore det mest effektive instrumentet for å legitimere gitte samfunnsordningar og makttilhøve i samfunnet, for eksempel ved å hevde at det står ein guddommeleg og overordna vilje bak det som skjer.

Han byggjer her på marxistisk ideologikritikk der filosofi og teologi avspeglar faktiske sosiale og materielle forhold og fungerer som teoretiske overbygningar over desse. Desse legitimerer på si side igjen dei rådande samfunnsforholda, og Hognestad (1978b) meiner det er eit stort problem at mange ikkje er klar over desse samanhengane.

Mange er heller ikkje bevisst at dei styrande ideane, deriblant teologien, alltid er dei herskande sine meiningar, og at desse har som funksjon å forsvare og legitimere dei rådande politiske, sosiale og økonomiske samfunnstilhøva. I ein slik situasjon kan religion og filosofi hindre menneska i å erkjenne sin verkelege situasjon og i staden fungere som trøst i elendige rådande forhold.

I dette marxistiske perspektivet ser Hognestad (1978b) på samfunnet, inkludert kyrkja, som ein arena for stadige kampar om interesser, makt og posisjonar. Dei som til ei kvar tid er i posisjon, skaper ordningar og tilhøve som passar med deira interesser. Dette fører til at andre blir undertrykt og sett tilbake økonomisk, sosialt, kulturelt, religiøst og mentalt.

Hognestad argumenterer for at dette framleis er ei aktuell fare, og at det derfor stadig må undersøkjast om kyrkja tildekkjer og legitimerer kritikkverdige tilhøve i kyrkje og samfunn. Han meiner å ha funne eit eksempel på det i ei preike over Matteus 8.23-27:

Den onde verdensutvikling skal ikke stanses ved en forandret politikk. En må bare vente til Jesus 'griper inn'. For det er ikke 'onde, sataniske krefter som styrer verden, men Gud'. Interessen ligger ikke i å avsløre disse krefter, men i å holde den institusjonelle kirkelige verden ved like (Hognestad, 1978b, s. 77).

Hognestad (1978b) støttar seg her til Habermas og hans nymarxistiske forståing av det seinkapitalistiske samfunnet sitt legitimeringsbehov. I dette perspektivet har dei gamle ideologiar, filosofiar og religionar mista sin sentrale legitimeringsposisjon til moderne teknologi og vitskap.

No er det derfor det som er teknisk mogleg og lønsamt som har legitimitet og som blir norma for det rette. Desse normene kallast målrasjonelle handlingstypar, og dei spreier seg frå det vitskaplege og økonomiske delsystemet og påverkar normer og verdier elles i samfunnet, for eksempel i det offentlege og i dei private heimane. I denne ekspansjonsprosessen blir dei gamle, kommunikativt innretta verdiane og verdsbileta uthula og rekonstruert slik at dei passar inn i den nye målrasjonelle verdinorma, samstundes blir dei også pressa ut av det offentlege og inn i den private sfæren.

Når samfunnet slik gir legitimitet til målrasjonelle handlingar, så meiner Hognestad (1978b) at det fører til øydeleggjande forhold og kriser i samfunnet og for den enkelte. Han trekkjer fram personlege, sosiale, økonomiske og økologiske følgjer, slik som psykisk og fysisk sjukdom, fattigdom, svolt, krig og øydelegging av miljøet.

Han meiner det er viktig at kyrkja ikkje stiller seg nøytrale i desse maktkampane, men kjempar mot ei destruktiv utvikling, for elles vil det resultere i at kyrkja fortset med å oppretthalde den herskande samfunnsorden (Hognestad, 1978b).

2.2.2 Legitimering av den samfunnskapte kyrkjeverkelegheit

Eit sentralt funn i Hognestad si avhandling er at forkynninga viser seg som legitimering av ei bestemt samfunnskapte verkelegheit (Hognestad, 1978b). Dei undersøkte predikantane brukar tekstane i Matteusevangeliet til å legitimere og forsvare sjølve kyrkjeinstitusjonen i staden for å få fram det tekstane, i følge han, eigentleg handlar om (Hognestad, 1978b).

Vegen går sjeldan frå bibeltekst til forkynning, men oftast frå kyrkja via bibeltekst til forkynning. Bibelteksten blir altså ofte forstått utifrå den samfunnsmessige kyrkjeinstitusjonen, og blir dermed brukt for å rettferdiggjere og oppretthalde denne. Slik støttar stadig forkynninga opp om det Hognestad (1978b) kallar den kyrkjeskapte verkelegheit eller den samfunnsskapte kyrkjeverkelegheit.

Her er han spesielt kritisk til kyrkja si framstilling av mennesket som syndar som treng forsoning med Gud. Dette meiner han er ein menneskeleg konstruksjon som er med på å oppretthalde kyrkja sin maktposisjon i samfunnet (Hognestad, 1978b).

Ulike sider ved kyrkjeinstitusjonen er i følgje Hognestad (1978b) med på å støtte opp om, forklare og rettferdiggjere, eller legitimere, denne kyrkjeskapte verkelegheita. Sentralt her står teologi eller kristen kunnskap og læresetningar på det symbolske planet, men den blir også konstituert av kyrkjelege embete og deira institusjonelle handlingar, for eksempel prestar som forrettar dåp og nattverd.

Kyrkja sitt store problem, i følgje Hognestad (1978b), er at denne kyrkjevkerkelegheita er fullstendig i utakt med dagens verdsbilde, både når det gjeld bibelfortolking og samfunnssyn. Den kyrkjeskapte verkelegheita er forelda. Den teologiske læra og tilhøyrande handlingar har ikkje endra seg i takt med samfunnet elles, og dei representerer derfor samfunnet og utfordringane rundt Luther og reformasjonen, altså for nesten 500 år sidan.

2.3 Ei kyrkje for dagens verkelegheit med utgangspunkt i erfaringar

At kyrkja framleis prøver å legitimere eit forelda samfunnssyn, er i følgje Hognestad (1982) ei viktig årsak til at kyrkja i dag er i krise. Han ser lavt oppmøte på vanlige gudstenester som eit uttrykk for det.

Moderne menneske lever i og ser eit samfunn der ulike livsopfatningar blir praktisert side om side, og for mange eksisterer verda godt utan den spesielle kristne kunnskapen. Pluralisme og verdsleggjering er daglegdagse prosessar som skaper kyrkjekrise fordi mange menneske ikkje lenger ser på den tradisjonelle kristne kunnskapen som meiningsfull (Hognestad, 1978b).

Kyrkja gir ikkje uttrykk for dei erfaringane menneska gjer i dagleglivet, og mange finn at kyrkja si forkynning og handlingar ikkje lengre er truverdige, eller plausible i Berger og Luckmann sin terminologi (Hognestad, 1978b). Dei trur altså ikkje på kyrkja si legitimering og syn på verkelegheita.

Hognestad (1982) vil derfor forandre kyrkja slik at folk sine erfaringar blir det sentrale i staden for den gamle teologien. Her trekkjer han fram såkalla urban teologi som eit eigna førebilete. Dette er ein moderne utgåve av kristendomen som set daglegdagse erfaringar i sentrum, og han møtte sjølv denne tilnærminga under eit studieopphald i Sheffield tidleg på 1970-talet (Hognestad, 1984).

Dette er ein tidsaktuell teologi som blir utvikla gjennom og for engasjement i eit moderne, sosialt og urbant liv, og Hognestad (1984, s. 24) kallar dette ”teologi nedenfra”. Han meiner

denne står i motsetnad til tradisjonell teologi som han hevdar er teologi ovanfrå, frå historisk legitimerande dogme og kyrkjeinstitusjonen.

Folket sine egne erfaringar skal derfor vere det sentrale i kyrkja, men han understrekar at slike erfaringar er tolkingar som ikkje nødvendigvis tilsvarar heile verkelegheita. Derfor må personlege erfaringar diskuterast og setjast opp mot andre sine erfaringar, for eksempel dei kyrkjelege (Hognestad, 1982).

Slik kan ein utvikle eit nytt fundament for kyrkja gjennom ein prosess der folk sine kvardagserfaringar med blant anna glede, sorg og forvirring smeltar saman med kyrkjeleg tradisjon og bibelforteljingar. På denne måten skal det bli mogleg å sjå erfaringar frå kvardagen opp mot erfaringar frå evangelia og omvendt, og det blir skapt teologi for det moderne bylivet (Hognestad, 1984).

2.3.1 Ei politisk handlande kyrkje i samfunnet si teneste

Dette inneber at Hognestad argumenterer for ei folkekyrkje i staden for ei prestekyrkje, der ”målet må være å få kirken på folkets vei” (Hognestad, 1984, s.111).

Han innser at dette vil kunne vere ein farleg veg for kyrkjeinstitusjonen, som kanskje då må gi opp mange historiske tankar og ordningar. Det er det likevel verd, skriv Hognestad (1982), for det er ikkje kyrkja si oppgåve å skape tilhengarar til seg sjølv, si lære eller verksemd.

Menneska tilhøyrer først og fremst samfunnet, ikkje kyrkja.

I Hognestad (1984) sitt perspektiv er kyrkja ei hjelp for samfunnslivet og ikkje eit mål i seg sjølv. Derfor er det heller ikkje eit mål å få folk til å gå i kyrkja så mykje som mogleg, for ”vi skal bruke kirken *når og så lenge* vi trenger den (Hognestad, 1984, s. 120, kursiv i original).

Det som Hognestad meiner er det sentrale, er at folk går tilbake til kvardagslivet og der fører eit ansvarleg og solidarisk liv med sine medmenneske.

Dette betyr at Hognestad meiner at kyrkja skal brukast som eit politisk verktøy i samfunnsutviklinga. Det er i tråd med det han skriv i doktoravhandlinga om at det ikkje er kyrkja si oppgåve å stabilisere og legitimere det eksisterande, men å endre samfunnet.

Gode eksempel på slik verksemd finn Hognestad (1982) i protest- og frigjeringssteologi i Latin-Amerika som tener til samfunnsomforming og å gi folk fridom og rettferd i kvardagen.

Han argumenterer for ei samfunnskritisk kyrkje som er ein del av den politiske offentlegheita, ein stad der alle har rett til å arbeide med sin faktiske livssituasjon.

Hognestad skriv at kyrkja må representere ein politisk ”mot-offentlighet” (Hognestad, 1982, s. 107) når det er naudsynt for å kjempe mot negative følgjer av det kapitalistiske og teknologiske systemet, for eksempel undertrykking og forureining.

Kyrkja kan slik fungere som eit samlande punkt som organiserer motstand mot negative følgjer av det kapitalistiske og målrasjonelle samfunnssystemet, for eksempel naud, fortvilning, angst og urett som blir legitimert av maktthavarane i samfunnet (Hognestad, 1982).

Rørsler og organisasjonar som han meiner kan tene som gode førebilete for slik mot-offentleg innsats, er arbeidar- og kvinnerørsler og organisasjonar som arbeider for naturvern og mot atomvåpen.

På denne bakgrunnen blir handling mykje viktigare enn teologiske læresetningar i Hognestad sitt perspektiv. Kyrkja og teologien skal hjelpe menneska til å frigjere seg frå det som øydelegg og skape meir menneskeleg fellesskap (Hognestad, 1984).

Han meiner at teologi utan eit slikt aktivt engasjement, er uinteressant. Han er dermed kritisk til tru som passiv tenking, for i hans perspektiv er tru handling. Dette gjeld både for den einskilde og for den kollektive kyrkja.

2.4 Forkynning i Høvik for samfunnsmessig aktivisering og mobilisering

Den marxistiske og samfunnsorienterte tilnærminga til kyrkje og teologi kjem tydeleg til uttrykk i Hognestad si forkynning i Høvik fram til han må gå av i 1984.

Han meiner at mykje av den tradisjonelle kyrkjelege forkynninga ikkje gir livshjelp i dagens sosiale og politiske kvardag, og han fokuserer derfor på samfunnsmessige utfordringar her og no.

Hognestad (1982) meiner at høgnessa gir ferdige, standardiserte og autoriserte svar på menneska sin livssituasjon. I stor grad er dette samfunns- og kyrkjelegitimerande ord som forblindar og passiviserer menneska og slik hindrar dei i å ta ansvar for sitt eige liv (Hognestad, 1982).

Slik oppdreg gudstenesta til at menneska tilpassar seg samfunnssystemet, og underslår at det går an å gjere noko med livssituasjonen, for eksempel arbeids- og bustadpolitikken sin stressande verknad på enkeltmennesket eller den livstruande forsvarspolitikken (Hognestad, 1982).

Mobilisering og aktivisering av kyrkjelyden er derfor sentralt for Hognestad som prest tidleg på 1980-talet, noko som kjem tydeleg fram i preikesamlinga *Gud på Høvik* (Hognestad, 1981).

2.4.1 Revisjon og politisk aktualisering av gudstenesta

Hognestad (1982) går inn for å revidere høgnessa som han meiner mange oppfattar som lite meiningsfull, kjedeleg og livsfjern når berre 1 til 10 % av befolkninga er til stades på ei vanleg gudsteneste (Hognestad, 1982). Han meiner at ei viktig årsak til dette er at dei resterande 90 - 99 % av befolkninga, på same måte som han sjølv, ikkje er opptekne av kyrkjas syn på mennesket som hjelpelaus syndar og det evige liv.

Derfor ønskjer han ei kyrkje som gir livshjelp for "livet i samfunnet ved at den åpner opp for et perspektiv- ikke først og fremst til livet etter døden, men til et tryggere, rettferdigere og mer menneskelig liv før døden" (Hognestad, 1982, s. 109). Han meiner at dei fleste er meir opptekne av utfordringar i dagleglivet, som for eksempel å få eit godt liv, løyse bustad- og familieproblem, å bli friske eller faren for atomkrig, enn det eventuelle hinsidige (Hognestad, 1982).

På bakgrunn av dette fokuserer han på samfunnsmessige utfordringar i forkynninga si. Eit konkret eksempel på dette er at han første søndag i advent, 29. november 1981, innleiar gudstenesta med å seie at dei som ikkje kjenner seg som syndarar, dei har lov å tenkje slik, og at dei derfor heller ikkje treng ta del i syndevedkjenninga. Deretter fokuserer han på verdssituasjonen og pågåande nedrustingsforhandlingar i Genève (Hognestad, 2000).

Slik konkretiserer og namngir han ein trussel som kan motarbeidast staden for å dekke til dei verkelege årsaksforklaringane, som han meiner den tradisjonelle syndevedkjenninga gjer (Hognestad, 1982).

I denne tida er han ofte oppteken av slike utfordringar, og han held for eksempel fleire motoffentlege fredsgudstenester med tydeleg antikrigspreg når det gjeld innhald, val av salmar, diktlesing og politiske appellar (Hognestad, 1981).

På same måte meiner Hognestad at gudstenester rundt omkring i landet bør aktualiserast og tilpassast lokale forhold, ressursar og problem (Hognestad, 1982).

2.4.2 Demokratisering

Hognestad er kritisk til makttilhøva i gudstenesta og vil demokratisere desse. Tradisjonelt er det presten som er den aktive og som presenterer autoritative og ferdige svar til ein passiv

kyrkjelyd (Hognestad, 1982). Han opnar derfor for samtalar og diskusjonar undervegs og etter gudstenester slik at kyrkjelyden sine erfaringar og tankar også kan komme til orde (Hognestad, 2000).

Nokre gonger føretrekk han å tale frå golvet mellom benkeradene i staden for frå preikestolen. På den måten vil han demonstrere at han ikkje står over kyrkjelyden, men er ein del av den og formidlar menneskeleg innsikt, samstundes som han får betre kontakt med dei som er i kyrkja (Hognestad, 2000).

Som eit ledd i demokratiseringa arrangerer han også eit debattmøte i Høvik kyrkjelydshus der temaet er ”Hva vil vi med kirken?” (Hognestad, 1984). Møtet er for både dei som føler seg heime i kyrkja og dei som ikkje gjer det, og det blir førebudd saman med ei studiegruppe frå kyrkjelyden. Arrangementet blir ein suksess med mykje folk, over 250, og både konservative og radikale tankar omkring innhald og form i kyrkja blir lufta.

Hognestad (1982) ser positivt på at slike motsetnader kjem fram, for det er teikn på at kyrkja ikkje er autoritær, men open for fri dialog om teologiske spørsmål.

2.5 Innspel på Hognestad sitt samfunnsorienterte syn på kyrkja

Hognestad si samfunnsmessige analyse av kyrkja og ikkje minst konklusjonane han trekkjer av dette, skaper mykje debatt. Det startar med at han får mykje merksemd rundt disputasen, ikkje minst som følge av omfattande pressedekning på førehand (Hognestad, 2000).

Avhandlinga blir godkjent, under tvil, men det som veg opp for faglege mangelfulle sider, er den nyskapande kombinasjonen av sosiologi og teologi (Hognestad, 2000).

Redaksjonen i Norsk teologisk tidsskrift meiner også at avhandlinga reiser spørsmål av vital betydning innan teologien, at den gjer dette på hittil upåakta premiss, og at den skaper ein viktig debatt. Derfor publiserer dei eit eige hefte som samlar opponentane sine motinnlegg og Hognestad sitt svar på dette igjen, jamfør Wingren, Fløistad, Jervell, Lønning, og Hognestad, 1978.

Her kjem det for det aller meste fram teologisk kritikk, blant anna mot Matteusfortolkinga og Hognestad sitt syn på Gud og Jesus. Det er lite fokus på Hognestad sitt religionssosiologiske utgangspunkt og synleggjering av legitimerande maktforhold.

Solheim (1979) undersøker desse sidene nærare og kjem fram til at Hognestad si analyse og kombinerings av sosiologi og teologi er nyttig, men også at det er innlysande at kyrkja legitimerer seg sjølv, for alle institusjonar må gjere det for å bestå.

Skjevesland (1979) publiserer ein svært kritisk analyse av avhandlinga som han kallar *Forkynnelse til sammenbrudd*. Her oppsummerer han kritikken i fem punkt; gudsomgrepet, bibelsynet, sosiologien, det marxistiske perspektivet og det politiske perspektivet, og han har slikt lite positivt å seie om avhandlinga.

På grunnlag av slike innspel kan ein forstå at sjølv om Hognestad er einaste søkjar til prestestilling i Høvik kyrkje i 1978, så går det halvtanna år før han blir innstilt til stillinga. Det blir gjort av kyrkjestatsråd Einar Førde og mot biskop Andreas Aarflot si tilråding (Hognestad, 2000). Det er heller ikkje overraskande at biskopen finn visse avsnitt i avhandlinga ”ytterst problematiske i forhold til vår kirkes læregrunnlag” (sitert i Solli, 1986, s. 22).

Departementet sender derfor Hognestads teologiske synspunkt, blant anna bibelsynet, gudsforståinga og synet på synd og frelse, ut på høyring til biskopane, Menighetsfakultetet og Teologisk fakultet ved UiO. Konklusjonen blir her at dei to førstnemde instansane er negative i si vurdering, mens teologisk fakultet er positivt innstilt, men ikkje sterkt positivt (Solli, 1986). Likevel blir han altså utnemnt til stillinga av regjeringa Nordli i juni 1980¹, og han verkar der som prest i tre og eit halvt år.

Desse åra blir turbulente med mykje offentleg debatt omkring Hognestads teologiske tankar og praksis.

Prestegård (1983) meiner for eksempel at Hognestad fornektar det mest fundamentale i den kristne trua, og at demokratisering av kyrkja ikkje kan innebere at kyrkja stadig føyer seg etter folkemeininga.

Hovland (1983) er inne på det same, og meiner Hognestad sin teologi er eit forsvar for folkereligiositeten si folkekyrkje. Han er også skeptisk til Hognestad sin kyrkjekritikk og hans sosiologiske tilnærming. Hovland (1983) meiner blant anna at Hognestad gjer omgrepet legitimering upresist negativt.

¹ Departementets overprøving av dei fleste teologiske høyringsinstansane skapte sjølvstøtt også debatt, sjå for eksempel Solli, 1986.

Wigen (1984) er positiv til Hognestad sin teologiske og sosiologiske kyrkjekritikk og meiner begge er både ønskjelege og naudsynte i kyrkja. Berre slik kan ein unngå teologisk avsporing og tradisjonisme, og sosiologisk sementering av eksisterande samfunnsforhold.

Wigen (1984) er likevel kritisk til Hognestad sin metodiske tilnærming og har mistillit til denne fordi han meiner den gir dei beste vilkår for å konkludere usant om Gud. Han meiner derfor at Hognestad ikkje har teologisk eller kyrkjeleg truverd.

Når det gjeld Hognestad sitt fokus på politiske tema som atomnedrusting i gudstenester, så er fleire aviser, blant anna Aftenposten kritisk. Avisa meiner at det inneber eit misbruk av kyrkja (Hognestad, 2000).

Hognestad er snakkar mest om dagleglivet og mindre om eit eventuelt liv etter døden, også i gravferder. Dette får nokre til å tru at han fornektar denne sida av kristendomen. Dette avviser han, men poengterer at han er meir oppteken av livet her og no (Hognestad, 2000).

Hognestad har mange tilhengarar i kyrkjelyden. På den første gudstenesta i Høvik, der han må innsetje seg sjølv sidan biskopen ikkje vil gjere det, er det 300-400 menneske som ikkje får plass (Hognestad, 2000). Seinare fredsgudstenester og debattmøte får også stort oppmøte, og det er knapt plass til alle som vil vere med (Hognestad, 2000).

Ei spørjeundersøking blant tilfeldige husstandar i Høvik finn også at 75% av dei spurde meiner at Hognestad bør få vere prest i Den norske kyrkja².

Men, biskopen ser med stigande misnøye på Hognestad sin teologi, og det endar med at Aarflot stiller eit ultimatum der Hognestad får valet mellom å seie opp stillinga, å bli avsett eller å søkje studiepermisjon (Hognestad, 2000). Han vel det siste, og går etter kvart over i ei stilling som statsstipendiat.

2.6 Oppsummering av den første fasen: Frigjeringsteologi

Det teologiske posisjonen som ligg til grunn for Hognestad si doktoravhandling og verke i Høvik kan oppsummerast med eitt omgrep, og det er frigjeringsteologi. Denne retninga veks fram blant radikale kristne i Latin-Amerika frå slutten av 1960 åra og er rotfesta i kritisk analyse av samfunnet og marxistisk tankegods, og målsetjinga er frigjering av dei politisk og økonomisk undertrykte i denne regionen (Nordstokke, 2009).

² Referert i Aftenposten, 5. juni 1984, s. 14.

Denne retninga er på same måte som Hognestad (1978 a og b) kritisk til kyrkja si rolle som legitimerande institusjon, og Jesus blir sett på som den historiske frigjeraren som stiller seg på dei svake si side mot det politiske og religiøse maktapparatet. Frelse og frigjering blir to sider av same sak, og kristentrua blir meir enn berre noko åndeleg. Teologien blir praksisretta og kontekstuell, og stiller seg slik kritisk til klassisk universell og tidlaus teologi (Nordstokke, 2009).

Hognestad sitt frigjeringsprosjekt består av to sider som heng saman. Først teologisk frigjering ved hjelp av sosiologisk utanfråperspektiv på Bibel og kyrkja som samfunnsmessig institusjon, deretter skal dette nyutvikla teologiske fundamentet brukast som utgangspunkt for individuell og samfunnsmessig frigjering.

Begge desse to frigjeringsprosessane inneber praktisk handling og endring av eksisterande forhold, begge prosessane har dermed eit klart utviklingsperspektiv.

Hognestad (1978b) meiner at hans teologi opnar augo, eller frigjer, menneska slik at dei ser sin verkelege situasjon, for eksempel at personlege og samfunnsmessige problem som stress, luftforureining, fattigdom og vald ikkje har årsak i brotne forhold til Gud, men at årsakene ligg i psykiske, sosiale og politiske tilhøve i samfunnet.

3. Mot ei bevisstheitsmessig og psykologisk orientering

Det førre kapitlet viser at Hognestad sitt samfunnssyn gjer at han stiller seg svært kritisk til religion og religionen si rolle i samfunnet. Men, han vil ikkje som Marx avskaffe religionen, men derimot bruke den til noko positivt for den enkelte og samfunnet. For å få det til meiner Hognestad (1984) at det trengst ei vidareutvikling, eller frigjering, av dagens religion.

Hognestad meiner også at det heller ikkje er mogleg å avskaffe religionen, for han hevdar at religiøsitet er ei medfødt, allmennmenneskeleg og psykologisk evne til kontakt med eit skapande og styrande prinsipp eller bevisstheit i tilværet, og at religionen har som oppgåve å ta vare på kontakten med denne (Hognestad, 1984).

Psykologi, spesielt den analytiske djupnepsykologien til Carl Gustav Jung, er derfor svært viktig i Hognestad sin vidare utviklingsprosess, både personleg og teologisk (Hognestad, 2000).

Han lanserer allereie i 1982 Jung sine tankar omkring psykologi og religion (Hognestad, 1982), og desse perspektiva blir deretter vidareutvikla, blant anna ved hjelp av Jes Bertelsen, gjennom alle bøkene fram til i dag. Psykologisk utvikling og heving av bevisstheita mot "selvets virkelighet" (Hognestad, 2006, s. 105) er den sentrale linja, og målet hans er å utvikle "Selvets teologi" (Hognestad, 2006, s. 101). Dette kjem eg tilbake til i punkt 3.2.4.

Når det gjeld den personlege sida, så skriv han i sjølvbiografien (Hognestad, 2000) at han frå tidleg i Høvikperioden sleit psykisk med at oppfatningane hans ofte ikkje var i tråd med kyrkja si lære. Han går derfor i psykoanalyse i tre og eit halvt år og avdekkar blant anna at han avviser kyrkja fordi han sjølv hadde blitt avvist som barn.

Eit anna personleg jungiansk tilknytingspunkt for Hognestad er at han i mange av bøkene refererer til eiga og andre si rettleiing gjennom tolking av draumar, jamfør for eksempel Hognestad, 1989 og 2006.

Så då han blir statsstipendiat, får han god tid til å fordjupe seg i slike spørsmål. Heilt fram til han går av med pensjon i 2010 er han spesielt oppteken av samanhengar mellom ånd, materie og bevisstheit og erfaringar folk har med desse fenomenen (Hognestad, 2000). Utgangspunktet er at han meiner bevisstheita er del i ein omfattande evolusjonsprosess.

3.1 Menneskeleg bevisstheitsmessig evolusjon

Hognestad (1989) meiner at universet si utvikling frå Big Bang og fram til i dag ikkje har vore tilfeldig, men styrt av ei universell bevisstheit. Denne finn han det vanskeleg å setje namn på, men foreslår at det kan vere det som bli kalla ”Gud”, men også andre namn som ”Den universelle bevisstheit”, ”Den kosmiske Intelligens” eller ”Den guddommelige tanke” (Hognestad, 1989, s. 41).

Universet si utvikling er i følgje Hognestad (1989) prega av ein naturleg evolusjonsmessig modningsprosess som startar med den universelle bevisstheita og som endar i menneskeleg bevisstheit. Gjennom lang tid og ulike fysiske, kjemiske og biologiske prosessar endar evolusjonen opp i menneskelege psykologiske og sjølvreflekterande tankar (Hognestad, 1989).

Bevisstheita har på si side også gjennomgått ein eigen evolusjonsprosess i menneskesinnet. Den har utvikla seg gradvis frå dei første menneska i førhistorisk tid og framover mot våre dagar. I denne prosessen får den menneskelege bevisstheita i aukande grad kontakt med den universelle bevisstheita. Dette har ført til at mennesket stadig har utvida bevisstheits-horizonten sin og forstått meir av seg sjølv, omgivnadene og sitt potensiale (Hognestad, 1994).

3.1.1 Hovudtrekk i bevisstheita sin utviklingsprosess

”Mennesket er på vandring mot seg selv” (Hognestad, 2000, s. 79) er ei oppsummering av Hognestad sitt syn på mennesket sin psykologiske utviklingsprosess. Med det meiner han at mennesket gjennom historia i aukande grad har fått kontakt med nye områder av psyken, og dette kan sporast gjennom ulike tider og kulturelle uttrykk.

Menneska sitt forhold til gudar er her ein viktig indikator, for menneska har alltid projisert bevisstheitsnivået og ulike sider av bevisstheita ut og over på ytre gudar (Hognestad, 2006). Gudane blir slik alltid skapt i menneska sitt bilde (Hognestad, 1984), og slik har det stadig oppstått for eksempel både mannlege, kvinnelege, sinte, snille, djevleske og gode gudeskikkelsar.

Urmennesket lever fram til for ca 200 000 år sidan i ei arkaisk bevisstheitsform. Her kjenner det seg som ein del av naturen og omgivnadene, og underordnar seg passivt naturens krefter og rytme. Hognestad (1994) samanliknar denne tida med den paradisiske tilstanden i Edens hage då mennesket var i heilskapen. I denne perioden er menneska ubevisste og har ikkje evne til å reflektere over samanhengar i omgivnadene.

Neste fase varer frå ca 200 000 til 10 000 f.Kr, og dette er neandertalarane og Cro Magnon menneska si tid. No begynner bevisstheita å bli utvikla, og perioden er prega av såkalla magisk bevisstheit (Hognestad, 1994). Menneska begynner etter kvart å oppleve seg som skilt frå naturen, og utviklar relativt avanserte verktyø som gjer kvardagen lettare, for eksempel klede og våpen. Dei prøver også å påverke tilværet ved hjelp av magiske handlingar, for eksempel forbanningar, tabu og ritual. Det kan for eksempel vere å male ei pil i eit dyr før den påfølgjande jakta (Hognestad, 1994).

Den magiske bevisstheita er kopla til gruppa, kroppen, drifter og instinkt, og mennesket har dermed enno ikkje utvikla ei subjektiv eg-bevisstheit.

Utviklinga går vidare i den tredje fasen, frå cirka 10 000 til 1000 f.Kr. Det oppstår framleis ingen eg-bevisstheit, men menneska utviklar ei såkalla mytisk bevisstheit. Denne er basert på kollektive prosessar og den gjer det mogleg å organisere samfunn og plassere desse på ei tidslinje med fortid og framtid. Resultatet av dette er blant anna framvekst av jordbruk og byar.

Hognestad (1994) trekkjer spesielt fram skriftspråket som indikator på at bevisstheitsnivået no blir heva. Ved hjelp av dette kan menneska i fellesskap utvikle kollektiv bevisstheit og avanserte kulturar. Menneska sine tankar om samanhengar i tilværet blir nedskrivne, for eksempel mytiske førestillingar om korleis jorda blei til, eller om kva som skal til for å oppretthalde fruktbarheit og vidare eksistens. Her er forteljingar om gudar og spesielt gudinner viktige.

Hognestad (1994) understrekar at kvinnelege gudar som Asjera og Astarte dominerer i slutten av førre fase og i mesteparten av denne. Desse gudinneskultane dyrkar fruktbarheit, og samfunna lever hovudsakleg fredleg saman. Hognestad (1994) meiner at ei årsak til det kan vere at menneska i denne perioden er mest i kontakt med feminine kvalitetar i psyken, som for eksempel det kollektive, heilskap, kjensler og intuisjon. Kalken, eller eit romleg kar, er symbolet for denne tida.

Fjerde fase, frå cirka år 1000 f.Kr og framover, er perioden der den subjektive eg-bevisstheita utvikla seg (Hognestad, 1994). Dette markerer ein viktig overgang i psyken sin evolusjon frå kollektiv til individuell og rasjonell bevisstheit. Det inneber at den personlege vilje og identitet veks fram, noko som lett kjem i konflikt med den eksisterande kollektivt innretta situasjonen. Maskuline kvalitetar som vilje og dominans begynner etter kvart å breie seg utover dei feminine, både hos gudar og menneske. Slik veks patriarkatet fram, og mannlege

gudar overtek gudinnekultane, for eksempel Jahve og Jupiter. Utoverretta aggresjon følger med, og sverdet erstattar kalken som symbol (Hognestad, 1994).

Hognestad meiner det gamle testamentet er ein eineståande dokumentasjon på brytningar som oppstår under framveksten av eg-bevisstheita. Blant anna er dei ti boda eksempel på lover som skal regulere eg-bevisstheita sin psykiske energi i forhold til rå seksualitet og ukontrollert vald, og slik styrke og ansvarleggjere den framveksande eg-bevisstheita (Hognestad, 1994).

Hognestad (2006) meiner at denne prosessen framleis pågår, og at teologien som blir utvikla under reformasjonen, er eg-bevisstheita sin teologi. På 1500-talet har bevisstheita blitt så klar at ein innser at eget aldri vil klare å strekkje til ovanfor boda, men gjennom trua på forsoning gjennom Jesus sikrar eg-bevisstheita seg vidare eksistens. Det er avgjerande for denne å unngå å gå til grunne, og på denne måten blir eget sikra for evig.

Parallelt med denne mentale fasen blir tida for neste bevisstheitsmessige nivå tidleg innleia. I enkelte kulturar står det fram unike skikkelsar med høgare innsikt og visdom, for eksempel Buddha og Jesus. Desse viser at menneska har potensiale til ytterlegare kontakt med det psykiske univers (Hognestad, 1994).

Jesus representerer slik eit nytt perspektiv som innleiar eit nytt nivå der han realiserer menneska sitt høgare bevisstheitsmessige potensiale (Hognestad, 1994). ”Han virkeliggjorde Selvet, og kanskje enda høgere potensialer” (Hognestad, 1994, s. 223) gjennom intuitiv forståing, uavgrensa kjærleik og visdom. Dette er dermed ein bevisstheitsdimensjon utanfor og over eg-bevisstheita som integrerer og vidareutviklar dei tidlegare fasane.

Men det er først i seinare tid at Hognestad (1994) meiner at den nye bevisstheitsdimensjonen verkeleg har sjansen til å bryte gjennom. For det første fordi evolusjonsprosessen no er komen så langt at dei fleste er klare for dette nivået, men også fordi opplysingstida sitt perspektiv og skiljet som då oppstår mellom det subjektive eg, det objektive det og det kollektive vi, inneber ei viktig samfunnsmessig utvikling. Det legg grunnlaget for å kunne skilje vitenskap frå religion, samt andre demokratiske frigjeringsprosessar som gjer det mogleg å kritisere religionen utan å risikere livet (Hognestad, 2006).

3.2 Jungiansk djupnepsykologi som fortolkingsramme

Dagens moderne psykologi er ein nøkkel som opnar opp for ei ny forståing og eit nytt perspektiv på religion og kristendom, og Hognestad trekkjer som nemnt spesielt fram Jung.

Psyken er komplekst samansett i dette perspektivet, og Hognestad overtar også delvis Jung sin spesielle terminologi. Dette gjer at tilnærminga kan vere vanskeleg tilgjengeleg, og det er viktig å få klargjort dei mest sentrale omgrepa.

3.2.1 Religion som terapi og ein veg til menneskeleg vekst

Hognestad (1982) skriv at både Freud og Jung begge er svært kritiske til kristendomen. Jung hadde ein far og åtte onklar som alle var geistlege, men han stilte seg likevel tidlig svært kritisk til kyrkja. I ein draum såg han Gud som bokstavleg talt dreit sund kyrkja og kristendomen som institusjon (Kvalvaag, 2003; Hyde & McGuinness, 1996).

Resten av livet var Jung oppteken av forholdet mellom religion og psykologi, og han meiner som Hognestad at alle menneske er fødd religiøse (Kvalvaag, 2003). Viss menneska fortrengr denne dimensjonen av livet, skaper det ulukke, nevrose og mangel på meining og samanheng. Religionen får dermed ein mentalhygienisk og terapeutisk funksjon som gir meining og kraft til mennesket (Kvalvaag, 2003).

Hognestad (1982) støttar dette synet, og meiner at religionen har ein svært viktig funksjon for menneska i dagens fornuftsorienterte og kommersielle verden.

3.2.2 Psykens struktur og dynamikk

Jung sitt utgangspunktet er at psyken er målbevisst, eller teleologisk, og søker vekst, heilskap og likevekt. Målet for den psykiske veksten kallar han Selvet (Hognestad, 2006).

Det er sentralt for Jung og Hognestad at psyken består av både bevisste og ubevisste sider. Mens det bevisste er tilgjengeleg for rasjonell tenking og språk, må det ubevisste uttrykkje seg gjennom draumar, symbol og bilete. Freud er oppteken av konflikter mellom desse, for eksempel omkring fortrenge negative opplevingar, men Jung og Hognestad har eit langt meir positivt syn på det ubevisste (Hognestad, 1982).

Det ubevisste har som funksjon å kompensere den bevisste haldninga. Når denne blir for einsidig, manifesterer den ubevisste motsetnaden seg autonomt for å korrigere ubalansen. Det skjer gjennom draumar, førestillingar og visjonar, eller gjennom sjukdom (Hyde & McGuinness, 1996).

Hognestad (1994) trekkjer fram profetar i Det gamle testamentet som eksempel på menneske med slike opplevingar og som vidareformidla bodskap frå det ubevisste.

3.2.3 Det kollektivt ubevisste og gudar som arketypar

I Hognestad (1982) sitt jungianske perspektiv rommar det ubevisste eit stort lager av viktig erfaringsmateriale, og han skil mellom det individuelle og det kollektivt ubevisste. Til den første gruppa høyrer personlege tapte minne og fortrenge pinlege førestillingar og sansingar.

Det kollektivt ubevisste er på si side summen av alle erfaringar menneskeheita har lagra i sin psyke gjennom utviklingshistoria. Dette er kollektivt nedarva kunnskap som enno ikkje er komen opp i bevisstheita. Dette materialet ligg som ein ubevisst ressurs for menneska, for det innehar og produserer kunnskap ovanfor nye situasjonar basert på tidlegare erfaringar. Det kollektivt ubevisste er derfor i følgje Hognestad (1994) den visdom som til ei kvar tid vil vise veg sjølv om situasjonen er ny.

Desse er psykologisk nedarva gjennom generasjonane på same måte som instinkt blir biologisk overført frå generasjon til generasjon. Mens instinkta er medfødde impulsar som styrer åtferd og handlingar, kallar Jung kallar den tilsvarande psykologiske arven for arketypar (Hyde & McGuinness, 1996).

Arketypane er medfødde, ubevisste avleiringar som påverkar den menneskelege persepsjonen eller forståinga av tilværet. Dette er eldgamle, arkaiske, ubevisste førestillingar som Jung finn i ulike kulturar til ulike tider (Hyde & McGuinness, 1996). Dette er dermed universelle og kollektive persepsjonsmodellar eller urbilete som stadig påverkar menneska si oppfatning av tilværet.

Eit eksempel er at menneska til alle tider og i alle kulturar har førestillingar om å stå i forhold til ei klok ånd eller noko guddommeleg. Dette kjem til uttrykk i utallige legender og myter om for eksempel "Den kloke gamle mannen", "Gud" eller "Merlin". Slik oppfyller arketypen ein ubevisst kollektiv realitet for menneskeheita (Hyde & McGuinness, 1996). Jung meiner at denne må erkjennast, "for ellers blir bare noe annet gjort til gud, noe som er tåpeligere og mer utilstrekkelig" (Hognestad, 1982, s. 17).

Det same gjeld negative førestillingar om ein skugge eller djevel som representerer menneska sine lavarestående, usiviliserte og dyriske eigenskapar som eg-bevisstheita kjempar i mot og fornektar (Hyde & McGuinness, 1996).

3.2.4 Selvet som den sentrale, guddommelege arketypp og målet for tilveret


Alle arketypane er ulike sider av den sentrale arketypan som kallast Selvet (Hognestad, 1997). Dette er ein heilskapleg arketypp som er nært knytta til gudsførestillingar og erfaringar med det guddommelege (Hyde & McGuinness, 1996).

Selvet er psyken sitt mål, og det er svært sentralt for både Jung og Hognestad. Selvet er både personen sitt sentrum, potensial, drivkraft og mål for den psykiske utviklinga (Hognestad, 1997).

Det er også ”selvets virkelighet” (Hognestad, 2006, s. 104) som er målet for den lange bevisstheitsmessige evolusjonsprosessen, og kjernen i Hognestad sitt religiøse revolusjonsprosjekt.

I dette perspektivet er den daglege eg-bevisstheita berre ein liten del av den totale psyken, og den spring ut frå eit enormt ubevisst sentrum eller reservoar av kunnskap og bevisstheit på eit høgare nivå (Hognestad, 1994; 2006).

Figur 1 viser desse samanhengane, og her er psyken framstilt som ei sfærisk kule med fleire dimensjonar. Bevisstheita utgjer berre eit lite opplyst felt, merka A, på overflata. I dette feltet er det vidare berre kjerneområdet, som er kalla ego på figuren, som utgjer den daglege eg-bevisstheita. Resten av kula er då Selvet, og det er samstundes kjernen, periferien og heile sfæren, B (von Franz, 1996).



Figur 1. Psyken og Selvet sin struktur (figur frå von Franz, 1995, s. 161)

Selvet sin høgare bevisstheit er ubevisst og i stor grad ukjent for den daglege eg-bevisstheita, men det er Selvet som held den daglege ego-bevisstheita oppe, og bevisstheita mottar ulike signal og impulsar frå dette, for eksempel gjennom draumar (Hognestad, 2006). På denne måten har menneska alltid ant at det indre Selvet eksisterer og følt seg som et subjekt for eit

overordna objekt. Hognestad (2006) meiner dagens religiøse søken også er eit uttrykk for dette.

Figur 1 kan også illustrere Hognestad (2006) si samanlikning av forholdet mellom egoet og Selvet med jorda og sola, og seier at egoet kretsar rundt Selvet som jorda kretsar rundt sola. På same måte som tyngdekrafta frå sola omgir og påverkar jorda, påverkar Selvet sin energi og usynlege krefter eget.

Hognestad (1994) utvidar perspektivet ytterligare ved å plassere sola roterande rundt Melkevegssystemet. Slik tar det indre Selvet del i "et uendelig indre univers, det kollektive ubevisste, det guddommelige" (Hognestad, 1994, s. 233).

Eit slikt syn meiner Hognestad (2006) representerer ein kopernikansk revolusjon når det gjeld forståinga av forholdet mellom mennesket og det guddommelege. Hognestad (1994) meiner at det også kan ha vore dette Jesus sikta til då han snakka om gudsriket. Altså den bevisstheitsdimensjonen som overskrid individet sin dagsbevisstheit, og som både er inni og iblant menneska og som samstundes organiserer livet frå eit anna nivå enn egoet.

3.2.5 Individuasjonsprosessen, å bli heil

I eit slikt perspektiv representerer Selvet eit kreativt og intelligent prinsipp eller ei kraft som bind saman individet med heile menneskeheita, naturen og kosmos (Hognestad, 1989). Dette er også målet for den psykiske utviklingsprosessen, og mennesket kan derfor overskride egoet sine grenser og forbinde seg til denne skapande krafta.

Dette er ein sjølvutviklingsprosess der individet integrerer psyken sine mange sider for å bli seg sjølv, altså bevege seg mot Selvet, og bli eit in-divid, altså noko som er heilt og udeleleg (Hyde & McGuinness, 1996).

Jung kallar denne utviklinga for individuasjonsprosessen, eg har ikkje sett at Hognestad brukar dette omgrepet, men han fokuserer svært mykje på at menneska må utvikle seg og overskride eg-bevisstheita sin avgrensingar og bevege seg mot "større helhet" (Hognestad, 1984, s. 56) eller at menneska må "la de ulike sidene av sitt indre henge sammen og være integrert" (Hognestad, 2006, s. 117). Hognestad set denne prosessen saman med omgrepet frelse, det kjem eg tilbake til i neste kapittel.

I praksis inneber å bli heil blant anna å integrere det ubevisste med det bevisste, det intuitive med det rasjonelle, det feminine med det maskuline, og det gode med det vonde (Hognestad, 2006).

Eit heilskapleg og integrert menneske er altså på veg mot individuasjon, men er på ingen måte individualistisk eller ego-sentrisk, men tvert i mot det ein kan kalle Selv-sentrisk. Det inneber at ein ikkje er oppteken av egoet, men i staden fokuserer på dei store samanhengane og det viktige i tilværet, som for eksempel altruistisk medmenneskelegheit, kjærleik og økologi (Hognestad, 2006).

Det er sjølvinnsikt og sjølvverkjenning som er nøkkelen til høgare bevisstheitsnivå og Selv-erkjenning (Hognestad, 2006). Derfor er det viktig å arbeide med seg sjølv og bli kjent med dei ulike sidene i sitt indre. Hognestad (2006) meiner at det finst ulike innfallsvinklar til slikt indre arbeid.

Her trekkjer Hognestad (1994) fram nyreligiøse rørsler som eksempel. Han meiner at fleire av desse, men langt frå alle, viser veg mot Selvet. Desse er uegoistiske og opne for den visdomen som den indre kjelda sit inne med, og dei tilrettelegg også for å komme i kontakt med denne. Stille meditasjon, kontemplasjon, bønn og arbeid med draumar og indre bilete er eksempel på slike tilnærmingar.

Slik opnar Hognestad (2006) for svært ulike historiske og geografiske innfallsvinklar mot Selvet, på den eine sida moderne vestleg psykologi og på den andre sida gamle austlege meditasjonsteknikkar.

Men også gamle kristne mystikarar forstod og såg slike samanhengar som menneska med sin daglege bevisstheit ikkje forstår (Hognestad, 2006). Gjennom indre arbeid og bøn kom dei i kontakt med fleire stadium eller nivå i bevissteita og nærma seg det guddommelege Selvet. Teresa av Avila skildrar slik ein utviklingsprosess der ho til sjuande og sist mistar sitt ego og blir eitt med Gud (Hognestad, 2006).

Eit viktig poeng for både Hognestad og Jung er at sjølvverkjenning medfører lidning (Hognestad, 2006). Ein kan ikkje nærma seg Selvet utan å bryte med gamle normer, forventningar eller å konfrontere dei destruktive kreftene i sitt indre. Dette fører til sårbarheit, forvirring, sorg og angst, og først når desse spenningane eller depresjonen tar overhand, kan den indre vegen bli ein realitet (Hognestad, 1997).

3.2.6 Parapsykologiske erfaringar

Hognestad (1989; 2006) meiner at menneske også i dag kan oppleve glimt av desse høgare bevisstheitsnivåa. Dette kan for eksempel vere erfaringar med å vere eitt med omgivnadene og ut av kroppen opplevingar. Dette er ofte skjelsjetjande opplevingar som endrar folk sine perspektiv på livet (Hognestad, 1989).

I tida etter han blir statsstipendiat samlar han mange slike opplevingar og koplar desse til bevisstheitsutvikling og Selvet (Hognestad, 1989). Slik held han fast på erfaringar som grunnlag for teologien, men no er det primært religiøse og psykologiske erfaringar han fokuserer på, og ikkje samfunnsmessige og sosiale erfaringar som tidlegare var det viktigaste.

Dei fleste religiøse erfaringar blir i følgje Hognestad (1989) opplevd som grensesprengjande og overnaturlige fordi dei går utover eg-bevisstheita sine grenser for fornuft. Det handlar blant anna om telepatisk overføring av budskap, at ein kan sjå inn i framtida ved hjelp av prekognisjon, eller påverke materielle forhold ved tankekraft. Desse fenomenen kan karakteriserast som parapsykologiske, men Hognestad (1989) meiner dei heller viser at mennesket består av meir enn rasjonell eg-bevisstheit og slik stadfestar Selvet sin realitet.

Jung er også oppteken av slike fenomen, han tek doktorgraden på spiritualistiske seansar, og meiner slike tilsynelatande overnaturlige opplevingar er psykiske realitetar på lik linje med normale, daglegdagse opplevingar. Både den indre og ytre verden blir oppfatta i førestillingsbilete, og illusjonar og draumar blir dermed psykisk verkelege. For Jung er det som verkar, reelt for psyken (Hyde & McGuinness, 1996).

Både Jung og Hognestad prøver slik å forklare paranormale fenomen som noko som eigentleg er naturleg og mogleg å forklare ved hjelp av det ubevisste og Selvet.

For eksempel så forklarar Hognestad (1989) opplevingar av å møte avdøde familiemedlemmer som psykologiske møte med ubevisste sider av seg sjølv som representerer den avdøde. Men, han legg også fram ei meir paranormal forståing som handlar om kommunikasjon med deler av bevisstheita som ikkje er underlagt fysisk død og som lever vidare på Selvets nivå.

På denne måten opnar Hognestad (1994) også opp for ei positiv, vekstorientert forståing av reinkarnasjon. Menneskeleg innsikt og livskvalitetar kan slik stadig avleirast og byggjast vidare på gjennom nye inkarnasjonar. Selvet kan derfor vere bindeleddet som gjer det mogleg å inkludere tanken om reinkarnasjon i kristendomen, hevdar Hognestad (1994).

3.3 Ei kyrkje for bevisstheitsutvikling

Sidan religionen har som oppgåve å oppretthalde kontakten med den underliggjande skapande bevisstheita i tilværet, for eksempel kalla Gud eller Selvet, er kyrkja i Norge ein naturleg arena for dette (Hognestad, 1982; 1989).

Målet er å heve bevisstheitsnivået frå eg-bevisstheit mot Selv-bevisstheit, og denne prosessen har i følgje Hognestad (2006) to sider; ei utvendig eller eksoterisk side, og ei innvendig eller esoterisk side.

Den tradisjonelle kyrkjeinstitusjonen har gjennom hundrevis av år representert den utvendige sida. Det gjer den framleis ved å halde fram nestekjærleiken som eit ideal, og som følgje av dette skjer det langsamt ei heving av bevisstheita (Hognestad, 2006).

Men, Hognestad (2006) meiner at kyrkja sin teologi primært er eg-bevisstheita sin teologi, så overgang til Selvets teologi krev endring og mykje større fokus på den innvendige sida av prosessen.

3.3.1 Kyrkja og den indre vegen

Hognestad (2006) meiner kyrkja tidleg i historia stengjer den indre vegen ved at gnostiske rørsler, som søker indre foreining med Gud, blir erklært som kjetterske.

Det same skjer med Thomasevangeliet som også handlar om sjølvverkjenning som veg til opplyst bevisstheit og å bli eitt med Jesus (Hognestad, 2006).

Likevel er det mange som seinare søker denne vegen gjennom klostera, men det har ikkje vore rom for den mystiske indre vegen i lutherdommen (Hognestad, 2006).

Dette vil altså Hognestad (2006) endre på, og han meiner kyrkja kan hente inspirasjon frå alle desse tre tradisjonane.

Kyrkja må derfor gi folk støtte og rettleiing slik at menneska kan bli bevisste og erkjenne at dei er omgitt av og har del i den guddommelege krafta, slik at dei kan forstå at dei er ein del av heilskapen og har noko av heilskapen i seg (Hognestad, 1982).

Dette krev at kyrkja har eit fokus og aktivitetar som er retta mot dei tilsynelatande irrasjonelle og ubevisste sidene av tilværet og gi hjelp og trening til å fange opp signal herifrå (Hognestad, 1982).

Desse ubevisste signala treng mørke, stille og konsentrasjon for å bli oppfatta (Hognestad, 1982), og han trekkjer spesielt fram meditasjon som ein godt eigna metode (Hognestad, 2000). Andre konkrete tilnærmingar er salmar, musikk, bøn, samhandlingar, fargar og drama (Hognestad, 1984). Dette gir opplevingar og erfaringar, noko Hognestad stadig framhevar som mykje viktigare enn ord.

Orda i det daglege rasjonelle tankespråket er for snevre og avgrensande, og derfor må kyrkja i staden bruke symbol og symbolske ritual (Hognestad, 1982). Det symbolske er det ubevisste sitt språk, og gjennom symbolske handlingar kan ein med kropp, kjensler, fantasi og tankar gjere noko som har billedleg karakter. Når ein gjer slike handlingar i fellesskap, får ein ritual som peikar utover seg sjølv (Hognestad, 1982).

Symbolspråka har i følge Hognestad (1982) ein dobbel funksjon. For det første så opnar det for ny innsikt, slik at menneska kan gripe og forstå meir av heilskapen dei er ein del av. For det andre er symbolspråka eigna til å vidareformidle til andre den innsikta som ikkje kan uttrykkjast gjennom vanleg språk.

Hognestad (1994) meiner dei fire naturelementa vatn, eld, luft og jord er symbol som er godt eigna ved dei fire store overgangane i livet. Vatn i dåpen symboliserer det fellesmenneskelege sjeledjup og det ubevisste, elden markerer overgangen i konfirmasjonen, luft symboliserer hjerteenergi og kjærleik i bryllaup, og i gravferder er jord symbol på det som alt veks ut av og vender tilbake til.

3.4 Forkynning for bevisstgjerung omkring psykologisk evolusjon

Då Hognestad etter 14 år vender tilbake som vikarprest i Hamar bispedømme etter fullmakt frå Rosemarie Köhn i 1998, er forkynninga hans tydeleg prega av å spreie bodskapen om menneskeleg bevisstheitsutvikling, mot det guddommelege indre og konsekvensar av dette (Hognestad, 2000).

Dette perspektivet forblir sentralt gjennom heile hans verke i Hamar, og det går ei tydeleg psykologisk linje frå Hognestad si første gudsteneste i Ljørdalen kirke 4. oktober 1998 til avskilsgudstenesta i Hamar domkirke 13. juni 2010.

I den første talar han om at Jesus ”inviterer til å leve ut fra ... det høgere nivå, sjelens nivå” i staden for famle seg fram gjennom ”den daglige bevissthet, jeg-bevisstheten” (Hognestad, 2000, s. 130). I den siste gudstenesta seier han at Jesus vil ”frelse oss fra et liv hvor vi er stengt inne i oss selv slik at mulighetene som er nedlagt ikke utfoldes” (Hognestad, 2010c).

I mellomtida fokuserer han på ulike sider av utviklinga, blant anna dei lange linjene i bevisstheitsevolusjonen, Jesus som vegvisar til eit høgare nivå og dagens utfordringar med å forstå og verkeleggjere det guddommelege nivået i det indre (Hognestad, 2000).

3.4.1 Eit moderne, heilskapleg og rasjonelt verdsbilete

For at kyrkjelyden skal kunne forstå Hognestad si tilnærming er det naturleg at han i starten forklarar verdsbiletet sitt. Derfor legg han i den første gudstenesta ut forståinga av at verkelegheita består av ein verdsleg del, som egoet representerer, samt ein åndeleg del som er sjela eller Selvet (Hognestad, 2000).

Ved å samanlikne med naturvitskap og den usynlege tyngdekrafta argumenterer han for at den åndelege sida eigentleg er ein naturleg del av eit moderne verdsbilete, og at menneska må øve seg på å ”bli oppmerksomme på den del av virkeligheten som ikke er synlig” (Hognestad, 2000, s. 135).

Her fokuserer han på at det er dette Bibelen handlar om, menneske i ei anna tid sine erfaringar med den andre sida av verkelegheita, og framstillingane i Bibelen må derfor ikkje tolkast bokstavleg. ”Det er bilder fra sin egen samtid”, seier Hognestad (2009a), og han forklarar at førestillinga om Helvete ikkje er ein plass mennesket kan komme til etter døden, men ein tilstand det kan setje seg i mens det lever på jorda.

Det same gjeld himmelriket eller gudsriket, som Hognestad (2009a) legg ut som eit åndelege og naturleg nivå i menneska sin daglege og fysisk-materiell verden.

På same måte avviser Hognestad (2009h) i ei preike mytiske førestillingar om gud som ”en farsskikkelse som sitter oppe i himmelen og skuer ned på oss”. Han seier at det heller er ei reell og universell, guddommeleg og kjærleg kraft.

Slik plasserer Hognestad kristendomen sine tradisjonelle førestillingar inn i eit moderne og vitskapleg anti-dualistisk verdsbilete. Det åndelege er her ein naturleg del av verkelegheita.

3.4.2 Det indre gudsriket og kontakten med dette

Det er svært viktig for Hognestad å bevisstgjere kyrkjelyden om dette, spesielt at alle menneske har tilgong til gudskrafta i sitt indre (Hognestad, 2009g). Den ligg der som ein ressurs som leiar mennesket vidare til fridom, meining og samanheng.

Dette er det mange menneske som ikkje er klar over, og derfor seier han at ”Guds rike er et område i vårt indre, et nivå i bevisstheten. Gud, det guddommelege er inni oss” (Hognestad, 2009g).

Han talar vidare om at dette er Jesus sin bodskap, at evolusjonen no er komen så langt at mennesket kan la seg styre av dette nivået i staden for det primitive egoet. Hognestad (2009g) nemner også direkte Jung og hans tankar om Selvet i denne preika.

Hognestad (2000) forklarar også korleis kyrkjelyden kan forbetre kontakten med det guddommelege indre. Han framhevar at menneska må vere oppmerksame på signal frå det ubevisste, blant anna det symbolske innhaldet i draumane sine, ”for de kan inneholde budskap fra den guddommelige dimensjonen” (preike 29. november 1998 i Hognestad, 2000).

Tilsynelatande tilfeldige, men meiningsfulle samantreff eller teikn kan også ved nærmare ettertanke vere viktige bodskap frå denne andre dimensjonen, seier han.

Hognestad brukar også alternative tilnærmingar i bevisstgjeringsprosessen. Eit konkret tiltak som startar i Høvikperioden og som Hognestad også tar med seg til Hamar, er at han saman med kyrkjelyden opprettar eit meditasjonsforum kor folk med ulike oppfatningar kan komme saman og ”i stillhet lære å lytte til signalene fra Gud i det indre” (Hognestad, 2000, s. 57).

Dette blir populært, og den nye praksisen blir også vidareført fram til i våre dagar under namnet ”Stillhet i kirken” (Hognestad, 2000).

Hognestad meiner symbolske uttrykk er viktige og meiner derfor at fargar, musikk og dikt kan vere egna for å uttrykkje det menneska ubevisst anar og få det fram i bevisste tankar og handlingar (Hognestad, 2000).

I Hamar blir dette konkretisert gjennom ei alternativ gudstenesteform som blir kalla ”Sinnsro i kirken”. Dette er regelmessige samlingar som tar utgangspunkt at mange ønskjer å forbetre kontakten med det indre gudsriket eller selvet, og samlingane søkjer å støtte denne prosessen vidare³.

Verkemiddel som her blir brukt er musikk, dikt, tenning av lys, bønn, samtalar omkring bibeltekstar, velsigning og utsending.

³ Pressemelding i Hamar Dagblad 13.februar 2010.

3.4.3 Andre vegar enn kristendomen

Hognestad trekkjer i fleire preiker fram andre tilnærmingar til høgare bevisstheitsnivå enn kristendomen (Hognestad, 2009e; 2009f). Han vil ha fram at gudskrafta er omkring og i alle menneske uavhengig av religion, men også at det er få som har vore vakne på alle bevisstheitsnivå. Han seier i ei preike at det i menneskeheita si historie er to menneske som skil seg ut som spesielt opplyste, og det er Jesus og Buddha (Hognestad, 2009f).

I tillegg peikar han på religiøse mystikarar i ulike religiøse tradisjonar. Slik har hinduistiske, buddhistiske, muslimske, jødiske og kristne mystikarar ”vært våkne og kjent de andre nivåer og snakket og skrevet om dem” (Hognestad, 2009f).

Han forkynner også at vi kan lære noko av dei andre religionane. Han trekkjer spesielt fram islam som betyr å akseptere, underkaste eller overgi seg til Gud eller skaparkrafta, og buddhismen som poengterer at ein må sjølv må vere aktiv og gjere noko og ikkje berre be (Hognestad, 2009e).

Hognestad trekkjer også inn synspunkt frå alternativ religiøse miljø når han i ei preike i 2007 (Hognestad, 2009d) siterer ”et budskap som er kanalisert fra en høyere bevissthet” frå magasinet *Ildsjelen* nr 2/2007. Denne budskapet handlar om å lære å elske seg sjølv; ”Elsk dere selv uansett hvor mange feil dere gjør. Vær glad for feilene. De viser at dere er i live.”

Dette kallar Hognestad (2009d) for ”første klasse i gudsrikeskolen” og her er det svært sentralt å få fram hans fortolking av synd i eit evolusjonsmessig perspektiv.

3.4.4 Synd som avgrensingar i evolusjonen

Å få fram at det tradisjonelle lutherske synet på synd og forsoning er forelda, er viktig og gjennomgåande i Hognestad si bevisstgjerande forkynning.

Han vil få fram at den universelle krafta og Selvet i sin natur er skapande og tilgjevande i den forstand at alt stadig får nye sjansar til ny start og nytt liv (Hognestad, 1984). Derfor kan det heller aldri oppstå brot i kontakten mellom Gud og menneske, og det er derfor heller ikkje naudsynt med Jesus som sonoffer for å gjenopprette dette forholdet (Hognestad, 1984).

Derfor fokuserer Hognestad i preika på bots- og bededag i 1998 på at synd inneber å innsjå at mennesket stadig er på veg mot å bli betre menneske (Hognestad, 2000). Dette kan skje ved å styre eg-bevisstheita sine lyster og gradvis nærme seg eit nytt stadium prega av ”helhet og nestekjærlighet” (Hognestad, 2000).

Det å ”bekjenne vår synd” inneber dermed ”å erkjenne vår begrensning” (Hognestad, 2000, s. 139), altså eg-beisstheita si avgrensing i forhold til det potensialet mennesket har og er på veg mot. Det meiner Hognestad er eit naudsynt steg for å komme vidare i utviklingsprosessen.

Bots- og bededag 2005 seier han det enda tydelegare; ”Vi er ikke syndere. Vi er mennesker underveis” (Hognestad, 2009a). Han argumenterer med at det er evolusjonshistorisk naudsynt og ikkje syndig å tenkje på seg sjølv for å overleve. Derfor treng ikkje kyrkja ein spesiell botsdag for å minne mennesket på kor skrøpelege og syndig det er, men heller for å påminne om at det er ein skapning undervegs i ein evolusjonsprosess.

Hognestad endrar også på liturgien i gudstenestene sine slik at den betre avspeglar hans syn. Han startar aldri med syndevedkjenninga, men ber i staden ei samlingsbøn. På same måte endrar han dåpsritualet slik at det er den evige positive tilhøyrsla til Gud som er det sentrale og ikkje at barnet er avskoren frå Gud gjennom arvesynd (Brandvold, 2007).

3.5 Følgjer av og debatt omkring Hognestad si psykologiske orientering

Hognestad si orientering mot psyken og bevisstheitsutvikling startar som nemnt tidleg, men blir klarare etter kvart. Dette perspektivet pregar også debatten omkring han fram til i dag.

Dette er ein lang periode med ei dramatisk avslutting like før han blir pensjonist, så for oversikta si skuld deler eg denne bolken inn i tre. Først frå han blir statsstipendiat og fram til når han igjen blir prest rundt årtusenskiftet, deretter dei ti siste åra fram til han igjen mistar presterattane i mars 2010, og til slutt dei tre siste månadene før han blir pensjonist.

3.5.1 Perioden frå Hognestad blir statsstipendiat til han igjen blir prest i 2000

Det er spesielt boka *Morgendemring* (Hognestad, 1989) som gjer Hognestad si psykologiske orientering synleg, og dette får også store konsekvensar.

Hollekim (1989) meiner at boka medfører at Hognestad tek endeleg farvel med kyrkja si lære. Han meiner blant anna at Hognestad raserer det bibelske gudsbiletet når Gud blir oppfatta som ei kosmisk kraft. Det same gjeld menneskesynet når mennesket ikkje treng nokon frelsar, men sjølv stadig kan nå høgare bevisstheitsnivå.

Det verkar også som Hognestad sjølv innser og tar konsekvensen av dette (Hognestad, 2006). I åra etter han må slutte som prest i 1984, tenkjer han nøye gjennom situasjonen sin og konkluderer til slutt med at han ikkje lenger kan forsvare å vere ordinert. Han finn at det er uærleg når han eigentleg meiner noko anna enn det som er Den norske kyrkja sin posisjon. På bakgrunn av dette ber han derfor om å bli løyst frå presteløftet i 1989 (Hognestad, 2000).

Det finst også teologiske røyster som beklagar dette, blant anna Halvor Moxnes (NTB, 1989). Han synest det er synd at kyrkja ikkje har klart å gå i dialog med Hognestad og gir han rett i at kyrkja ikkje har klart å møte folk sine åndelege lengslar. Han meiner også at kyrkja bør vere open for alternative tilnærmingar som for eksempel meditasjon, men Moxnes er skeptisk til New Age-rørsla (NTB, 1989).

På det personlege planet er også djupnepsykologien ein viktig bakgrunn for Hognestad sitt val om å bli løyst frå presteløftet. Han kjem fram til dette blant anna gjennom analyse og tyding av fleire draumar (Hognestad, 2000).

Det same perspektivet brukar han også i ettertid då livet hans tar ei dramatisk vending i 1994. Då får han, under eit kurs i åndeleg utvikling og meditasjon, plutselig hjertestans og er døyande i 40 minuttar. Det er svært alvorleg, men iherdig gjenopplivingsarbeid frå medisinsk personell får etter kvart hjartet i gong igjen. Han har ikkje sjølv noko oppleving av desse hendingane, men dei to åra etterpå blir fylt med angst og depresjon (Hognestad, 2000).

Ved hjelp kjærasten Lene klarar han etter kvart å sjå positivt på denne opplevinga. I ettertid ser han også på dette som ei styrt hending frå Gud; ”hjertestansen min kom fordi jeg var på feil vei. Jeg måtte stanses” (Hognestad sitert i Bjørke, 2010).

Det blir eit vendepunkt, og han blir no bevisst at han kan arbeide med og ikkje mot den kyrkjelege tradisjonen. Han begynner for eksempel å sjå på kyrkja sine ritual som hjelpemiddel i mennesket sin vekst- og utviklingsprosess, og han meiner han blir meir audmjuk og lyttande (Hognestad, 2000).

På bakgrunn av denne utviklinga tar han i 1996 kontakt med Aarflot for å undersøkje om biskopen kan hjelpe han med ny ordinasjon slik at han igjen kan bli prest. Biskopen meiner som før at Hognestad sine syn på sentrale teologiske spørsmål er uoverstigelege hindringar, og at det derfor vanskeleg kan la seg gjere (Hognestad, 2000).

I 1997 drøymmer så Hognestad at han snakkar med Rosemarie Köhn om dette, og våren etter tar han kontakt med henne. Dei drøftar hans teologiske synspunkt, og det endar med at ho gjerne ser at han vikarierer som prest i Hamar bispedømme.

Dette vedtaket møter motbør og skepsis, særleg i Vårt Land (Hognestad, 2000). Avisa meiner at Köhn med dette sviktar kyrkja grovt.

Hugaas (1999) meiner at Hognestad si lære er prega av New Age og gnostisisme, og karakteriserer synet hans som ”kvasi-vitenskaplig-psykologisk” (Hugaas, 1999, s. 12). Han konkluderer med at Hognestad står for ei vrang lære, og at han derfor ikkje bør få fungere som prest i kyrkja.

Hognestad føler seg likevel varmt motteken både av medarbeidarar og kyrkjelydane, og han føler at ”noe begynner å heles i meg og kanskje i andre” (Hognestad, 2000, s. 102). Dette medfører blant anna at han kjenner det godt og rett å vere prest igjen. Han ser på og utfører dei kyrkjelege rituala med utgangspunkt i sitt psykologiske perspektiv, og føler ikkje lenger at han er uærleg som prest (Hognestad, 2000).

Derfor søker han også same hausten departementet om å få tilbake fulle presterettar. Kyrkjestatsråd Lilletun ber om biskopane si meining, og eit knapt fleirtal stiller seg positive (Hognestad, 2000).

Lilletun meiner han ikkje har fått eit klart svar, og han sender derfor saka til vurdering i kyrkja si lærenemd. Hognestad sender ei utgreiing om sine teologiske synspunkt til lærenemda, og han blir kalla inn for å forklare seg for denne i mai 2000. I mellomtida blir Trond Giske ny kyrkjestatsråd, og han meiner han ikkje treng lærenemda si vurdering. Dermed trekkjer han saka tilbake, og departementet vedtar å gi Hognestad presterettane tilbake.

I juli 2000 blir han så gjeninnsett som prest av Köhn i Hamar domkyrkje.

3.5.2 Perioden som prest frå 2000 til mars 2010

Det at biskopane er delte i sitt syn, og det at vurderinga blir trekt frå lærenemda, skaper sjølvstykke mykje debatt. Spesielt er mange opptekne, for eksempel Ådna (2002), av at Hognestad sitt syn burde blitt behandla av lærenemda, for då kunne debatten ha blitt avklara tidleg.

Vårt Land mottok også mange bekymringsmeldingar frå Hamar bispedøme (Lund, 2010). Mange meiner at Hognestad ikkje har endra synet sitt, og at han derfor framleis er på kollisjonskurs med sentrale deler av kyrkja si lære.

Lund meiner også at det er ein fadese av Köhn å gjeninnsetje Hognestad som prest fordi det er for stor avstand mellom han og kyrkja sitt syn.

Leiarskribenten i Bergens Tidende (2000) meiner derimot at kyrkja treng og har godt av debattane som Hognestad har starta. Dersom kyrkja skal vere ei folkekyrkje, er det naudsynt med ein moderne teologisk debatt for å drøfte grunnleggjande forståingar av Gud og Jesus.

Hognestad er i perioden aktiv på fleire område i tillegg til å vere statsstipendiat og deltidsprest. Han gir ut to bøker, ei om ei alternativ fortolking av Paulus (Hognestad, 2003) og ei om gud i mennesket (Hognestad, 2006).

I tillegg skriv han mange innlegg og artiklar, både i landsdekkande aviser og også i den lokale annonseavisa *Huskelappen* på Hamar. Han er også aktiv på alternativmesser og held mange foredrag der han legg fram sitt syn på blant anna Gud i mennesket, reinkarnasjon og Thomasevangeliet.

Manus til slike foredrag, preiker og artiklar legg han etter kvart ut på Internett og byggjer opp ei stor samling av ytringar. Desse er tilgjengelege på adressa <http://www.helge-hognestad.no>.

Slik opprettheld Hognestad eit stadig fokus i media på prosjektet sitt med å reformere kristendomen. Dette skapar debatt, for eksempel omkring synet hans på synd.

Nordhaug (Olsen, 2002) meiner at Hognestad avviser tanken om forsoning og dermed står for eit læreavvik. Derfor finn han det underleg at han kan vere prest i Den norske kyrkja. Han meiner også at Hognestad viskar ut grensa mellom kristen tru og nyreligiøsitet.

Kort tid etter modererer Nordhaug (2002) seg og kjem Hognestad noko i møte. Han opnar blant anna for å flytte syndevedkjenninga lengre ut i gudstenesta for å unngå for einsidig og negativt framstilling av mennesket. Han meiner også at det er grunn til å gå kritisk gjennom liturgien ved barnedåp. Her meiner at kyrkja gir eit skeivt bilete ved å fokusere meir på synda enn "livets store under".

Likevel avsluttar Nordhaug (2002) kronikken kritisk ved å peike på at kyrkja ikkje kan gi opp Bibelen som sin øvste autoritet til fordel for religiøse erfaringar, og han meiner vidare at Hognestad sin posisjon også er dogmatisk, men med eit anna innhald enn kyrkja.

Noko av det same meiner meiner Thelle når han går i debatt med Hognestad om det Thelle (2008) kallar Hognestad si "Jung-inspirerte og New Age-pregede kristendomstolking". Han er einig i at Jung kjem med viktige perspektiv på sinnet og det religiøse, men meiner at Hognestad er så opphengt i Jung at han ikkje ser andre perspektiv og fortolkingar.

Hognestad (2008) går på si side god for å vere Junginspirert, men han vil ikkje la seg forbinde med samleomgrepet New Age. Han deler opplevinga av at det i slike rørsler er noko nytt som bryt på, men likar ikkje alle formene dette tar.

3.5.3 Dei tre siste månadene fram til Hognestad blir pensjonist i juni 2010

20. mars 2010 blir ein dramatisk dag, for då blir det sendt ut ei pressemelding frå Hamar bispekontor der det står at Hognestad etter avtale med biskop Fiske inntil vidare ikkje skal utøve ordinær presteteneste eller forrette kyrkjelege handlingar (Kallestad og Norheim, 2010).

Bakgrunnen for dette er at biskopen har reagert på at Hognestad over tid har stilt spørsmål ved sentrale punkt i kyrkja si lære og formidla dette gjennom forkynning og forfattarverksemd (Kallestad og Norheim, 2010).

Eit eksempel på dette er i følgje Lund (2010) innlegg som Hognestad skriv i *Huskelappen* på slutten av 2009. Her skriv Hognestad (2009j) at kyrkja har laga ”den absurde og nedverdige forestilling at Jesus døde for å sone for syndene”, og at forteljinga om Jesus sin fødsel ikkje er ei historisk hending, men ein myte som handlar om djupare sanningar enn den bokstavlege historia.

Det same hevdar han også gjeld for den bibelske forteljinga om Jesus si lidning, død og oppstode (Hognestad, 2010b). Han meiner dette må forståast som mytisk og symbolsk historie som fortel om menneskeleg psykologisk utvikling og vekst. Han skriv at dette ikkje betyr at den ytre forteljinga er usann, men denne framstillinga er meir å forstå som dåtidig forkynning enn historie. Derfor er den indre fortolkinga djupare og sannare enn den overflatiske, ytre forteljinga (Hognestad, 2010b).

Thelle (2010) ser på Hognestad si redusering av det historiske til symbolsk forteljing som hans avskjedssøknad. Han meiner Hognestad ”forenkler og forvrenger historiske fakta”. Han meiner at Jesus sin død på korset historisk sett var eit så stort teikn på nederlag og samanbrot at det nærmast ville vere utenkjeleg å dikte dette opp, Jesus hadde tapt, han var derfor ein falsk Messias.

På den andre sida så støttar Thelle (2010) at korset i teologien må forståast symbolsk, og han er positiv til mange av Hognestad sine nye tilnærmingar som han meiner skaper større rom i kyrkja, blant anna meditasjon og samtalegrupper. Han er også einig i at Jesus i større grad bør framstillast som ein visdomslærer.

Austad (2010) kritiserer Hognestad si bibeloversetjing og meiner at ”Guds rike er iblant dere” er ei rettare oversetjing enn Hognestads ”Guds rike er inni dere”. Slik rokkar han ved grunnlaget for Hognestad sin teologi, og Austad meiner det i Bibelen ikkje er grunnlag for ei fortolking av Guds rike som ei indre guddommeleg kraft.

Austad meiner også at Hognestad si lære er vevd inn i ein nyåndelegheit og at den derfor ikkje er kristen. Han meiner Hognestad passar under nemninga subud, ei tverreligiøs retning som har til hensikt å hjelpe menneska å oppleve det guddommelege i seg sjølv (Kallestad, 2010).

Biskop Fiske fører læresamtalar med Hognestad denne våren, og etter eit par månader konkluderer ho med at Hognestad får tilbake fulle presterettar når han går av med pensjon 13. juni (Fonn, 2010). Dette betyr at han kan fungere som ordinær prestevikar i kyrkja.

Vårt Land undersøker korleis biskopane stiller seg til dette vedtaket (Holbek, 2010), og dei aller fleste er kritiske. Eksempelvis vil Nordhaug ikkje la han få preike i Bjørgvin bispedømme fordi han meiner Hognestad forkynner eit evangelium som ligg utanfor klassisk kristendom, men han møter gjerne Hognestad i debattsamheng.

Mange av dei andre biskopane svarar på same måte (Holbek, 2010), Skjevesland meiner for eksempel at Hognestad sin teologi i dei seinare åra har blitt enda meir radikalisert og at den knapt kan seiast å vere innanfor Den norske kyrkja si læremessige ramme.

Nordhaug og Skjevesland er også svært kritisk til at Hognestad sin teologi ikkje blei vurdert i lærenemda i 2000 (Holbek, 2010).

På den andre sida er Jørgensen i Sør-Hålogaland mest open. Han seier at han respekterer ordinasjonen i Den norske kyrkja, og han meiner Hognestad reiser mange store teologiske spørsmål som det er viktig at kyrkja har ein open diskusjon omkring (Holbek, 2010).

Saka skaper også mykje teologisk debatt i aviser og blant folk flest, og Fiske meiner dette er ein positiv konsekvens av denne saka. Mange vender seg også til biskopen med både motstand og støtte til Hognestad (Kallestad og Norheim, 2010).

Hognestad meiner også det store engasjementet er svært positivt, for det skaper bevisstheit blant folk (Brandvold, 2010a), akkurat det som er hovudmålsetjinga hans.

Som før har Hognestad stor folkeleg appell, og det blir oppretta ei eiga støttegruppe for han på Facebook som får over 2300 medlemmer. Denne blir blant anna brukt til å mobilisere framfor avskilsgudstenesta 13. juni (Kallestad og Norheim, 2010).

Denne dagen møter det opp 500 menneske, fem til ti gonger fleire enn på ein vanleg søndag, og Hognestad snakkar igjen om det guddommelege indre Kristusfeltet som kan vidareutvikle eller forvandle menneska til noko betre (Fonn, 2010; Hognestad, 2010c).

Uavhengig av dette vedtar bispemøtet få dagar seinare liturgiske endringar (Brandvold, 2010b) som Hognestad nok anerkjenner og er glad for. For det første så skal ikkje lenger presten under dåpen seie at barnet er fødd med menneskeheita si synd og skuld, men i staden seie fram ei takk for barnet og fellesskapet med Gud. På denne måten blir dåpen gjort meir positiv (Brandvold, 2010b).

Reforma inngår i det biskopane kallar ein liturgisk kulturreform, og det inneber også at det blir opna for større deltaking frå kyrkjelyden og større lokale variasjonar (Brandvold, 2010b).

Dette er endringar som Hognestad har argumentert for sidan tidleg på 1980 talet (Hognestad, 1982).

3.6 Oppsummering av den andre fasen: Nyreligiøs tilnærming

Hognestad sitt ønskje om å frigjere teologien frå historiske tradisjonar ved hjelp av moderne perspektiv som evolusjon og psykologi, fører han tydeleg i ei nyreligiøs retning.

Dette er eit temmeleg diffust omgrep som rommar eit mangfald av til dels motstridande tendensar og rørsler, men Kvalvaag (2003) trekkjer fram fire karakteristiske sider som alle også er tydelege hos Hognestad. Det er eit fokus på energi, identitet, heilskap og syntese:

Energi: Nyreligiøsiteten sin bodskap er ofte å finne si indre, guddommelege kjelde og bli eitt med den levande energien i universet. Selvet er denne kjelda hos Hognestad.

Identitet: ”Målet for mange nyreligiøse bevegelsar er å finne seg Selv” (Kvalvaag, 2003, s. 18). Dette er ordrett det same som Hognestad siktar mot.

Heilskap: Ånd og materie er to sider av same heilskap, og det er plass til ulike motsetnader i denne holismen. Dette er også ei oppsummering av Selvet.

Syntese: Nyreligiøsiteten er eklektisk, den hentar ut element frå ulike samanhengar og slår dei saman. Hognestad koplar for eksempel psykologi og religiøsitet, og kristendom med austlege religionar sine meditasjonsteknikkar.

Denne kombinasjonen av psykologisk sjølvutvikling på den eine sida og religion på den andre er også eit typisk trekk ved nyreligiøsitet (Kvalvaag, 2003) som ein finn hos Hognestad. Tilhengjarane kallar dette ofte for spiritualitet, og det er også eit omgrep som Hognestad (1989) brukar om si nye tilnærming til kristendom.

I drøftinga kjem eg tilbake til tre aktuelle nyreligiøse retningar som både Hognestad og kritikarane hans omtalar, det er New Age, gnostisisme og subud.

4. Hinsides teismen - Hognestad sin teologiske posisjon

Dei to førre kapitla trekkjer opp ei linje i Hognestad si utvikling frå eit nymarxistisk samfunnsmessig utgangspunkt og vidare framover mot dagens posisjon kor psykologisk bevisstheitsutvikling er det viktigaste.

Dette er perspektiv eller briller som Hognestad les historia og Bibelen med, og dette påverkar sjølvstapt hans fortolking av desse. I dette kapitlet gir eg derfor ei systematisk framstilling av Hognestad sin teologiske posisjon, så som synet på Bibelen, Gud, Jesus, frelse og mennesket.

I den siste boka støttar Hognestad (2006) opp om sine teologiske standpunkt ved hjelp av John Shelby Spong og hans syn på korleis kristendomen bør reformerast. På same måte som Hognestad hevdar gjennom heile forfattarskapet, deler Spong oppfatninga om at den tradisjonelle kristendomen ikkje er truverdig i eit moderne vitenskapleg verdsbilete.

Sentrale utgangspunkt for begge er at eit moderne verdsbilete ikkje kan foreinast med tru på ein personleg teistisk gud, og at Bibelen ikkje må lesast bokstavleg (Hognestad, 2006).

Bibelen må avmytologiserast og forståast som uttrykk for erfaringar og tankar frå menneske i heilt andre historiske situasjonar. Spong og Hognestad sin teologiske posisjon er derfor, som overskrifta på dette kapitlet viser, hinsides teismen.

Denne systematiske framstillinga blir naturleg nok ein syntese av Hognestad sine synspunkt gjennom desse dryge 30 åra. Utgreiinga Hognestad sender til lærenemda i 2000 er her eit sentralt dokument⁴. Her strekkjer han seg så langt han kan Den norske kyrkja si lære for å få bli prest igjen, men samstundes kretsar tankane i stor grad omkring det ubevisste og Selvet.

4.1 Synet på Bibelen

4.1.1 Situasjonssavhengig historisk og symbolsk teologisk fortolking

Hognestad har ei historisk tilnærming til Bibelen. Han ser på den som ei historisk erfaringsbok som må brukast med varsemnd (Hognestad, 1984). I tråd med utgangspunktet i doktoravhandlinga understrekar han at det er svært lett å misbruke denne boka. Han meiner historia viser at Bibelen stadig blir brukt til å legitimere og byggje opp om eksisterande fortolking og samfunnstilhøve.

Bibelen inneheld historiske erfaringar og må forståast ut i frå si eiga tid (Hognestad, 1984).

Dette gjer det naudsynt med ei historisk og systematisk tilnærming til tekstane, og Hognestad

⁴ Trykt i Hognestad 2000, side 106-108.

(1978a) meiner at redaksjonshistorisk metode er ein eigna metode. Denne brukar han i sin eksegese av Matteusevangeliet i doktoravhandlinga og i seinare fortolkingar.

Denne tilnærminga blei utvikla på 1950-talet, og ein ser her på tekstar som litterære heilskaplege verk som har blitt til i ein bestemt situasjon med ei bestemt hensikt (Hognestad, 1978a). På denne måten meiner Hognestad (2000) at moderne bibelvitskap får fram noko av prosessen bak orda og det tidsbundne og tidsbestemte ved dei enkelte bibelske skriftene.

Hognestad meiner det er viktig å vere klar over dette, og at ein viktig konsekvens blir at forfattaren og hans konkrete bodskap der og då pregar skrifta si endelege form. Forfattaren er ein person som skriv for å legitimere sine oppfatningar med sikte på ein ønska praksis (Hognestad, 1978a).

Framstillingane er dermed ikkje augevitneskildringar, men forkynning i ein bestemt situasjon, og denne er på ingen måte adressert til dagens menneske og dagens livssituasjon (Hognestad, 1984).

Her er det sentralt både for Hognestad og Spong å understreke at tekstane i Bibelen blei skrivne i antikken i jødiske miljø. Seinare ikkje-jødiske lesarar er ofte ikkje klar over at tekstane derfor avspeglar jødisk livsforståing og liturgi.

Dette gjeld spesielt utforminga av tekstane om Jesus i Det nye testamentet, for desse ser Spong og Hognestad ofte på som jødiske midrasjtekstar. Dette er tekstar der Jesus blir forstått som ein parallell til og ein som overgår personane og hendingane i Det gamle testamentet (Hauge, 2007). Hognestad (2006) meiner for eksempel at Matteus framstiller Jesus som den nye Moses som forklarar den djupare meininga med Moselova.

Nøkkelen til å forstå bibelske tekstar kan heller ikkje hentast i historiske fortolkingar, for eksempel frå Luther eller i tradisjonelle vedkjenningsskrifter⁵, for desse tekstane si samtid og situasjon var også heilt anna enn det som møter kyrkja i dag (Hognestad, 1978b). På bakgrunn av dette avviser han også at kyrkja nokosinne kan gi etterslektene ein permanent tolkingsnøkkel, for ”den må alltid gis *på nytt* i de aktuelle situasjoner” (Hognestad, 1978b, s.130).

⁵ Den norske kyrkja har fem vedkjenningsskrifter, tre frå oldkyrkja (den apostoliske-, nikenske- og athanasianske truvekjenninga) og to frå reformasjonen (den Augsburgske vedkjenninga og Luthers litle katekisme).

Bibelen inneheld viktige historiske erfaringar som må takast som akkurat dette, fortidige opplevingar av Gud (Hognestad, 1984), og dei må ikkje tilleggjast meir enn det som dei er. Forkynning som utlegg ein tekst som om den inneheld eit budskap uavhengig av tid og stad, karakteriserer Hognestad (1978b) som respektlaust mot dei bibelske tekstane.

Ein slik situasjonsavhengig tilnærming avviser sjølvstøtt eit bokstavleg perspektiv på Bibelen som Guds ordrette ord, men han meiner bibelorda er ord av menneske som likevel inneheld "noe som ikke er av oss" (Hognestad, 1984, s. 33). Hognestad (2000) meiner derfor at dei som skreiv har vore inspirert av Gud.

Hognestad (2010b) meiner at bibelske forfattarar som Markus heller ikkje meinte å skrive faktisk historie, men symbolforteljingar med eit djupare og sannare innhald enn den ytre og overflatiske. Denne skjulte budskapen handlar om menneskeleg indre vekst.

Bibelen får slik openberringskarakter, og den har normativ gyldigheit som kan gi rettleiing i dagens livssituasjon. Den inneheld erfaringar som ikkje finst andre stader, og desse kan vise veg og vere ei støtte i alle livssituasjonar (Hognestad, 2000). Dette kan skje når dagens menneske samanliknar sine erfaringar med dei historiske i Bibelen og slik får innsikt eller blir inspirert (Hognestad, 1984).

Når Hognestad brukar ei slik tilnærming til Bibelen, meiner han oppfyller lovnaden i ordinasjonen om å "trenge dypere inn i de hellige skrifter og den kristne tros sannheter" (Hognestad, 2000, s. 108).

4.1.2 Historiske erfaringar med frigjerande bevisstheitsutvikling i Bibelen

Hognestad (1994) meiner at Bibelen først og fremst inneheld erfaringar frå menneskeheita sin bevisstheitsmessige evolusjonsprosess. Gjennom desse tankane og orda kan menneske i dag lytta seg tilbake til korleis tidlegare menneske opplevde å bli bevisste og frigjorte frå gamle tanke- og handlemønster (Hognestad, 1984).

Det gamle testamentet skildrar i dette perspektivet brytningar som oppstår i det isrealittiske samfunnet i overgangen mellom kollektiv bevisstheit og individuell eg-bevisstheit (Hognestad, 1994). Dette blir synleggjort ved hjelp av mytiske og arketyriske framstillingar som avspeglar desse konfliktane.

I denne samanhengen gir Hognestad (1989) ei kontroversiell fortolking av det som kyrkja kallar Syndefallsforteljinga. Mens kyrkja tradisjonelt ser negativt på denne hendinga som

starten på arvesynda, meiner Hognestad (1989) at dette er ei svært positiv hending som markerer starten på mennesket si eg-bevisste utvikling. Dette er dermed ei symbolsk forteljing som viser korleis mennesket frigjer seg og tar første skritt ut av den ubevisste og dyriske fellesskapsbevisstheita og går mot å bli eit ansvarleg og bevisst eg.

Dette får også negative konsekvensar, blant anna at mennesket her blir bevisst motsetnaden, eller dualismen, mellom det gode og det vonde, og at desse sidene blir skilt frå kvarandre. I følge Hognestad (1994) rommar dei tidlegare gudinnereligionane eit likestilt syn på skaping og destruksjon der begge er naudsynte for vekst. Med framveksten av eg-bevisstheit blir det destruktive undertrykt og festa til ein djevel som må kjempast i mot.

Den tradisjonelle tolkinga får også negative følgjer for kvinner og det kvinnelege når Eva blir framstilt som reiskap for det vonde når ho gir frukta til Adam. Hognestad (1994) ser dette som starten på ei stadig vedvarande undertrykking av kvinner og det feminine, noko som sidan har ført til naud og lidning for mange.

Erfaringane i Det gamle testamentet kan oppsummerast med lovgivaren Moses som i Hognestad sitt perspektiv er ein arketypisk representant for den krafta som forvandler ukontrollert emosjonsenergi til eg-bevisstheit. Han får også desse lovene frå guden Jahve, eller "Eg er" (Hognestad, 1994).

Det nye testamentet skildrar på si side frigjering som skjer omkring Jesus og det nye eg-overskridande trinnet i bevisstheitsutviklinga som bryt fram ved han, og kva slags erfaringar Paulus gjer i forlenginga av dette (Hognestad, 1994).

Myter er her også eit viktig verkemiddel, for eksempel at Jesus blir fødd av ei jomfru og har Gud som far, symboliserer i følge Hognestad (1994) at Jesus ikkje er bunden av rådande oppfatningar, og at han er fri til å kome med noko nytt.

Dette nye er først og fremst bevisstheit om at ein høgare bevisstheit, kalla Gudsriket, er inni og tilgjengeleg for menneska, og Hognestad (2006) meiner at det er dette som er Jesus sitt budskap. Hognestad (2006) meiner at Lukas 17, 20-21 samanfattar dette, og at desse versa følgjeleg bør kallast Den lille Bibel.

Her svarar Jesus på spørsmål om når Guds rike skal komme, og Hognestad (2006) meiner at 1930 oversetjinga får budskapet klart fram. Her svarar Jesus at "Guds rike er inneni eder", og dette meiner Hognestad er ei rettare oversetjing enn den gjeldande "Guds rike er iblant dere".

Jesus formidlar denne visdomen og realiserer gudsriket omkring seg til positive konsekvensar for individ og samfunn (Hognestad, 1994). Slik opplever folk i hans krets å bli frigjorte, ikkje berre psykologisk, men også politisk og religiøst. I praksis opplever dei dette gjennom å bli bevisste, friske, inkluderte, frie, mette og trygge (Hognestad, 1984).

Testamentet viser også at feminine kvalitetar igjen blir frigjort og verdsett, slik som omsorg, intuisjon og heilskapleg tenking (Hognestad, 1994).

Hognestad (1994) meiner at vegen til det guddommelege blir opna av det Jesus sa og gjorde, og då spesielt hans lidingshistorie. Dette er ein arketypisk prosess kor Jesus sin smertefulle veg eksemplifiserer korleis eg-bevisstheita kan stå i teneste for den høgare bevisstheit.

Hognestad (2003) meiner at Paulus forstår og skriv om akkurat denne prosessen, og at han derfor er ein ualminneleg vegvisar for menneskeheita, men at kyrkja ikkje har forstått eller forkynt denne indre bevisstheitsmessige vegen.

4.2 Synet på Gud

Hognestad sitt utgangspunkt er å avgrense seg ovanfor mykje av det han kallar kyrkjas si rådande dogmatiske framstilling av Gud (Hognestad, 1978b). Denne er bunden av tidligare tiders verdsbilete og uttrykksmåtar, og blir brukt til å opprettehalde eksisterande kyrkjeverkelegheit og sosiale forhold.

Her trekkjer han fram den tradisjonelle framstillinga av Gud som ein gammal mann som sit på ei trone i himmelen og straffar ulydige eller syndige menneske (Hognestad, 1984; 2009g). Dette representerer eit forelda syn på Gud og tilværet, for mennesket lever ikkje ovanfor ein dømmende og sint gud, men i ein stor og kjærleg heilskap, hevdar Hognestad (2006).

I denne heilskapen ser Hognestad (2000) på Gud som ei universell bevisstheit og kraft som står bak alt frå Big Bang og vidare framover. Denne krafta er ein ressurs med mange namn, for eksempel Gud, Selvet, Krafta, Kjærleiken, Den kosmiske intelligens (Hognestad, 1989).

Denne krafta er stadig skapande og styrande mot stadig aukande bevisstheit (Hognestad, 2000). I utgreiinga til lærenemda utdjuvar Hognestad (2000) dette ved å kople desse tankane om gud til Jung sitt kollektive ubevisste, der Selvet er både mål og drivkraft i tilværet.

Gud er slik både utanfor og innfor alt, men også annleis enn alt anna i form av ei transcendent høgaste bevisstheit (Hognestad, 1989). Han avviser at dette fører til eit panteistisk syn, han

meiner ikkje at Gud er verda eller at verda er Gud, men at Gud gjennomstraumar alt slik som tyngdekrafta (Hognestad, 1984).

Eit slikt syn kan heller karakteriserast som panenteisme, og eg kjem tilbake til dette omgrepet i neste kapittel.

Hognestad (1984) ser på Gud som ei forandrande og skapande kosmisk kraft som gjer at heile tilværet og livet stadig blir produsert og drive framover gjennom gjentekne syklusar av konstruksjon og destruksjon.

Når destruksjon er ein naturleg del av det skapande og gudskrafta strøymer gjennom alt, forsvinn dei klassiske skilja i kristendomen mellom Gud og Djevel, og menneske og Gud. Hognestad sitt syn på Gud og tilværet elles er dermed antidualistisk som ulike sider i den same heilskapen.

Hognestad personifiserer ikkje gudskrafta i ein mann eller eit vesen, men han understrekar at mennesket kan ha eit personleg forhold til denne krafta. Det kan dei for eksempel ha gjennom bøn eller gjennom å lytte og vere oppmerksame på impulsar frå det guddommelege, for eksempel gjennom meditasjon (Hognestad, 2000).

Det guddommelege er slik inni mennesket, og det er delvis tilgjengeleg via bevisstheita. Menneska kan også trene seg for å oppnå utvida kontakt med dette gudsricket inni seg (Hognestad, 1989; 2006).

Hognestad (2006) meiner også at svært mange menneske i dag erfarer og føler at dei faktisk har slik kontakt med det indre guddommelege, for eksempel ei djup åndeleg lengt eller som ei kjelde til inspirasjon og innsikt.

Eit svært viktig poeng for Hognestad (1982) er at kontakten med det guddommelege aldri kan bli øydelagt. Dette er ein viktig bakgrunn for at Hognestad stiller seg svært kritisk til lutherdomen sitt syn på arvesynd og forsoning gjennom Jesus, for ”kontakten mellom mennesket og Gud *kan ikke brytes*” (Hognestad, 1982, s. 66, kursiv i original). Han meiner i staden at det er kontakten mellom det ego-sentrerte ytre og det guddommelege indre som kan bli dårleg eller vanskeleg.

Det Hognestad (2000) kallar gudsricket er slik den åndelege del av verkelegheita som leiar menneska mot eit betre tilvære her og no. Det er ikkje noko hinsidig, men ein moglegheit til eit frigjort og forbetra daglegliv og verkelegheit omkring seg (Hognestad, 1978b).

Han opnar også for at menneska kan håpe å bli ein del av dette riket når det dør, men det veit han ikkje noko om (Hognestad, 1984).

4.3 Synet på Jesus

Jesus er ein spesiell og svært viktig person i Hognestad sitt perspektiv, for gudskrafta kling gjennom han, og slik personifiserer Jesus den guddommelege krafta (Hognestad, 1984). På denne måten rommar han samstundes det guddommelege og det menneskelege, og han er ein inkarnasjon av den kjærlege gudskrafta (Hognestad, 2000).

Hognestad (2006) nedtonar eventuelle hinsidige sider ved Jesus og framhevar at han var eit sant historisk menneske med ein bestemt bodskap med betydning for livet her og no.

Denne bodskapen handlar om at Jesus vil bevisstgjere folk, eller omvende dei, slik at dei innser at den høgare bevisstheita, gudsriket, er tilgjengeleg i og omkring dei (Hognestad, 1994).

Hognestad (2003) meiner vidare at Paulus innser dette, at han kjenner det høgare bevisstheitsnivået i seg, og at han i skriftene sine kallar dette nivået for Kristus.

Jesus kanaliserer og verkeleggjer slik det høgare bevisstheitsnivået, som Hognestad etter kvart har mange namn på, blant anna gudskrafta, Selvet og Kristus, og let seg leie av denne guddommelege sida i seg og ikkje av egoet (Hognestad, 1989; 2009f).

I praksis fører dette til at Jesus sitt verke er prega nestekjærleik, klarsyn og healing (Hognestad, 2009f). Han inkluderer utstøtte, ser samanhengar og avslører hykleri og skaper slik ein ny solidarisk verkelegheit omkring seg (Hognestad, 1978b).

Bodskapen har derfor også ein tydeleg politisk dimensjon (Hognestad, 1978b). Jesus er ein opprørar og samfunnskritikar som ikkje er populær blant leiarskapet i samtida, og det endar med at dei avrettar han (Hognestad, 1984). Perspektivet hans lever likevel vidare, og Jesus si bevisstgjerung fører slik stadig til politisk, sosial og religiøs frigjerung med betre livsvilkår som konsekvens.

Likningane og underforteljningane skal vise at gudsrikedimensjonen finst i dagliglivet og få menneska til å tru på dette (Hognestad, 1994). Menneska rundt han erfarer gjerningane hans ved at sjuke blir friske, at utstøtte og svake blir inkludert i fellesskapet, og ved at Jesus avdekkar og kritiserer eksisterande sosiale og religiøse forhold (Hognestad, 1978b).

I dåtida var dette så grensesprengjande erfaringar at samtida tar i bruk dei sterkaste førestillingane sine om denne frigjeraren, og det er blant anna omgrep som ”Herren”, ”Messias” og ”Guds son”. På denne måten forstår Hognestad (2006) slike utsegner om Jesus som uttrykk for dei første kristne si erfaring av han og ikkje som direkte avstamming frå Gud.

På same måten er den nye verkelegheit som Jesus skaper omkring seg så radikal at det blir kalla ”Guds rike” i det jødisk-religiøse språket (Hognestad, 1978b). Slik blir gudsriket også lokalisert til det verdslege og samfunnsmessige livet, både på Jesus si tid og i dag, og han meiner at kyrkja har skjult og skjuler at det er dette Jesus sitt verke primært handlar om (Hognestad, 1978b).

Nedtoninga av eventuelle hinsidige sider ved Jesus medfører blant anna at Hognestad (1994) stiller spørsmål ved tilsynelatande overnaturlige hendingar, for eksempel underforteljingane. Desse kan i dag sjåast på som paranormale opplevingar (Hognestad, 1989), og mange av desse kan forklarast som naturlege, for eksempel kan menneske som tilsynelatande er lamme, vere paralyserte (Hognestad, 1994).

Han skriv også lite om eventuelle overnaturlige sider ved Jesus i dei andre bøkene. I avhandlinga ser han på forteljingar om Jesus si oppstode som eit uttrykk for den radikale levemåten og at budskapet hans levde vidare etter hans død (Hognestad, 1978b). Dette opplever dei første kristne som om Jesus framleis er levande blant dei, og dette uttrykkjer dei gjennom kjente jødisk-religiøse oppstodefoteljningar. Disiplane meiner derfor at ”Jesus var «oppstått fra de døde»” (Hognestad, 1978b, s. 123).

Når Hognestad ordlegg seg på denne måten, og i tillegg set hermeteikn rundt ei svært sentral transcendental hending i tradisjonell luthersk tru, så er det nærliggjande å gå utifrå at han ikkje ser på dette som ei reell hending.

Dette blir han naturleg nok sterkt kritisert for, og i utgreiinga til lærenemda poengterer Hognestad (2000) at han trur Jesus oppstod frå dei døde og er nærverande i verda inntil verdas ende.

Han forklarar ikkje her kva han legg i desse orda, men i tråd med det Hognestad (2010b) seinare skriv, så har han eit mytisk og ikkje historisk-faktisk perspektiv på oppstoda. Dette stadfestar han også på direkte spørsmål frå meg i april 2011⁶.

⁶ Helge Hognestad i føredrag for Stord kyrkjeakademi, 3.april 2011.

4.4 Frelse gjennom frigjering og forvandling

Jesus si lidingshistorie og død er svært sentralt for Hognestad og hans syn på frelse, men tilnærminga og grunngevinga er heilt annleis enn i tradisjonell luthersk forsoningslære. Han meiner også at kyrkja sidan Augustin har snudd Paulus, som er sentral i den lutherske forsoningslæra, på hovudet og fortolka han feil (Hognestad, 2003).

I utgreiinga til lærenemda (Hognestad, 2000) skriv han litt om den tradisjonelle forståinga der Jesus sin død blir tolka som eit naudsynt sonoffer for å gjenopprette mennesket sitt forhold til Gud, men han brukar også her absolutt mest plass på å leggje ut si alternative forståing.

Denne kritikken mot kyrkja si forsoningslære er kanskje den tydelegaste linja gjennom alt Hognestad har skrive, og det botnar i synet hans på Gud som kjærleg og stadig skapande livskraft utan tanke på straff eller forsoning (Hognestad, 1978b). Denne universelle krafta er i sin natur forsonande og tilgjevande i den forstand at alt stadig får nye sjansar til ny start og nytt liv (Hognestad, 1984). Derfor kan det heller aldri oppstå brot i kontakten mellom Gud og menneske, og det er derfor heller ikkje naudsynt med Jesus som sonoffer for å gjenopprette dette forholdet (Hognestad, 1984).

Frelse inneber dermed at mennesket stadig får mogleigheit til å ”begynne på nytt ... begynne å bli hel, uskadd, rett; begynne å leve virkelig” (Hognestad, 1981, s. 146).

Hognestad (1978b) er også kritisk til at frelse i lutherdomen har eit hinsidig siktemål og meiner at denne primært må sjåast i eit her og no perspektiv. Han meiner at dette også var Jesus sitt budskap i si samtid, og då som no gjeld ”syndenes forlatelse menneskets psykiske og kroppslige liv her på jorden” (Hognestad, 1981, s. 146).

I praksis kan dette skje gjennom to prosessar som heng saman, og det er gjennom frigjering og forvandling. I doktoravhandlinga er det frelse gjennom politisk og sosial frigjering som er det sentrale, seinare utviklar han ei lære om frelse gjennom forvandling. Dette kan også sjåast på som bevisstheitsmessig frigjering, så frigjeringsperspektivet er med gjennom heile perioden.

Jesus er sentral som førebilete og vegvisar i begge prosessane. Gjennom sitt verdsleg-politiske verke viser han vegen for å frigjere undertrykte og gi nytt liv gjennom oppbrot frå det eksisterande. På same måte viser han veg til frigjering av den høgare bevisstheita og nestekjærleik gjennom si frivillige og smertefulle korsfesting av egoet (Hognestad, 1984).

Det er den siste frelsande prosessen Hognestad fokuserer mest på, for forvandling frå eg-bevisstheit til Selv-bevisstheit vil i neste omgang føre til sosial og politisk frigjering.

Korset er dermed eit symbol eller eit ”bilde på veien” til forvandling (Hognestad, 2006, s.111) og ikkje eit symbol på soningsdød. På den måten medfører korset handling og det blir ikkje berre noko ein skal tru på (Hognestad, 2010b).

I ein avisartikkel (Hognestad, 2010b) listar Hognestad kva ”å korsfeste sitt ego” kan innebere i praksis. Her trekkjer han blant anna fram å ikkje framheve seg og sitt på kostnad av andre, å erkjenne sine skuggesider, å tenkje fellesskap og heilheit framfor seg og sitt, og ikkje minst å innsjå at ein i sitt indre er forbunde med det guddommelege.

Dette er ein psykologisk prosess som Hognestad med støtte i Bertelsen kallar Kristus-prosessen (Hognestad, 2003).

Det er ein sjølvutviklingsprosess der ein utviklar, eller forvandlar seg, seg gjennom å vere svak og uthalde smerte i staden for å flykte frå den. Det sterke egoet treng gjennomrystast for at det høgare bevisstheitsnivået kan trenge gjennom eg-bevisstheita si styring (Hognestad, 2003).

Hognestad (2003) meiner at Paulus sine skrifter tyder på at han går gjennom ei slik forvandling, og at han dermed kjenner det høgare Kristusnivået og vegen dit.

Hognestad (2003) meiner at det er dette Paulus sine brev handlar om, og at han her forklarar korleis andre kan nå dette nivået med utgangspunkt i Jesus og si eiga historie.

Paulus gjennomgår ei liknande lidingshistorie som Jesus når han svak og usikker forkynner budskapet sin i jødiske og hellenistiske samfunn. Han utfordrar dei eksisterande lovene og reglane, som tener eg-bevisstheita, og blir mishandla og forfølgd (Hognestad, 2003).

Slik viser både Paulus sitt liv og Jesus sin død ”en forvandlingens vei” (Hognestad, 2006, s. 110) der Paulus opplever at ”Kristus [det høgare bevisstheitsnivået] lever i meg” (Hognestad, 2006, s. 112). Paulus opplever eit indre nærvær av ein annan dimensjon, ei kraft som tar vare på han, forvandlar han og leiar han gjennom smerta han må gjennomleve.

Hognestad (2000) meiner desse erfaringane også i dag kan brukast som ei forklaring og vegvisar til høgare bevisstheit. Det krev vilje og at ein sjølv tar ansvar og vågar å gå inn i

smertefulle og langsame utviklingsprosessar for å overskride tidlegare avgrensingar (Hognestad, 2006).

Sjølverkjenning er naudsynt i slike opplysende prosessar, og djupnepsykologi kan vere ein moderne veg å gå. Dette handlar om å bringe det skjulte og ubevisste fram i lyset slik at ein blir det bevisst og dette ikkje lenger får styre livet (Hognestad, 2006).

Hognestad (2006) meiner at Thomasevangeliet også fokuserer på slike sjølverkjennande og frelsande prosessar, for eksempel logion 70 ”når dere bringer frem det dere har inni dere, vil det dere har frelse dere (Hognestad, 2006, s. 118).

Hognestad (2006) meiner derfor at Thomasevangeliet er eit viktig dokument som omhandlar det høgare nivået i bevisstheita og korleis ein får kontakt med dette. Her er ikkje Jesus si lidingshistorie med og det heller ikkje snakk om Jesus sin død som ein soningsdød. Det fokuserer heller på å foreining av ulike sider av psyken, for eksempel det dyriske og det menneskelege.

4.5 Synet på mennesket

Mennesket er i Hognestad sitt utviklingsperspektiv evolusjonen sin ”akse og spiss” (Hognestad, 2000, s. 106). Universet si utvikling gjennom fysiske, kjemiske og biologiske prosessar kuliminerer i den menneskelege psyke med evne til refleksjon og sjølvbevisstheit (Hognestad, 1989).

Mennesket er slik brua mellom den materielle og den åndelege delen av verkelegheita, det har begge sidene i seg, og mennesket er ein kanal for den universelle krafta (Hognestad, 1989).

Det guddommelege er dermed også inni mennesket, og mennesket kan oppnå bevisst kontakt med denne indre kjelda (Hognestad, 2006). Derfor kan Hognestad i ei preike seie ”å bli frelst – det er å få øye på sin egen storhet” (Hognestad, 2009b).

Dette gir mennesket unik plassering med unik moglegheit i universet, og dette er eit viktig utgangspunkt for Hognestad sin kyrkjekritikk gjennom heile perioden. Her er det gjennomgåande at han etterlyser eit mykje meir positivt syn på mennesket og moglegheitene det har som følgje av det indre gudsricket (Hognestad, 2006).

I Hognestad sitt perspektiv er mennesket stadig på ei evolusjonær vandring mot høgare bevisstheit, det er eit ”fremadskridende stykke arbeid” (Hognestad, 2010a). Det er langt frå fullkomme, men det har det fullkomne i seg (Hognestad, 2010a).

Hognestad (2006) meiner at menneskelege avgrensingar og tilkortkommingar ikkje er synd, men avgrensingar som mennesket kan ta ansvar for og arbeide med for å overskride.

Når kyrkja i følge Hognestad (1982) i staden har eit negativt utgangspunktet og argumenterer for eit menneskesyn der alle i utgangspunktet er fortapte syndarar som treng Jesus si forsoning, fører det til at ingen i kyrkja sine augo er noko verdt i seg sjølv.

På 1980-talet kallar Hognestad slike tankar for ”løgn om mennesket” (Hognestad, 1982, s. 66). Dette er sterke ord som skaper mykje debatt, og han utdjupar etter kvart at han ikkje meiner at alt i Bibelen er ei stor løgn, men at han vil gi folk tru på seg sjølv (Hognestad, 1984).

Han vil få fram at mennesket har stort potensiale i seg til å gjere noko med eigen og andre sin situasjon. Det guddommelege i mennesket gir det krefter til å vinne over det destruktive (Hognestad, 2000).

Dette synet leier ikkje berre til at mennesket har unike moglegheiter, men også til at det har eit unikt ansvar for livet og sin livssituasjon (Hognestad, 1982). Dette meiner han forsvinn i kyrkja sitt stadige fokus på arvesynd og fortaping, her blir oppmerksemda blir tatt bort frå mennesket sitt ansvar i det samfunnsmessige livet (Hognestad, 1982).

Hognestad meiner at Jesus sitt liv og død ikkje tar ansvaret frå mennesket, men lærer det ansvarlegheit. Målet for teologien er derfor å myndiggjere mennesket til å ta sin situasjon og erfaringar på alvor, for dei både kan og skal gjere noko med eigen og andre sin livssituasjon (Hognestad, 1984).

Dette er eit gjennomgåande budskap i Hognestad si forkynning heilt fram til han blir pensjonist. I den siste gudstenesta tar han opp mennesket sitt ansvar for å ta vare på jorda og ressursane der (Hognestad, 2010c).

4.6 Oppsummering – hinsides klassisk kristendom

Denne gjennomgangen viser at Hognestad sin teologi er hinsides teisme og tradisjonell kristendom på dei aller fleste område. Han refortolkar og reformerer bevisst alle sentrale sider i tradisjonell kristendom ved hjelp av moderne samfunnsfaglege, psykologiske og nyreligiøse innfallsvinklar, og legg nytt innhald i dei tradisjonelle omgrepa.

Skiljet frå klassisk kristendomsforståing er tydeleg heilt frå Hognestad sitt utgangspunkt i eit energimessig gudssyn i staden for eit tradisjonelt teistisk syn. Hans avvising av menneskeleg

arvesynd og frelse gjennom Jesus sin forsonande død gjer skiljet enda tydelegare. Biskop Aarflot har slik rett når han konkluderer med at Hognestad si kristendomsforståing er ”fundamentalt annerledes enn den lutherske lære” og at han står for ”en annen kristendomsforståelse” (Hognestad, 2000, s. 32-33).

Aarflot får nokre år seinare støtte frå Nordhaug som også konkluderer med at Hognestad sin posisjon ikkje kan kallast klassisk kristendom (Holbek, 2010).

Dette er ei oppfatning Hognestad (2006) deler, og målsetjinga hans gjennom heile perioden er då også å reformere den klassiske lutherske kristendomen.

Det er dermed semje om at Hognestad ikkje står for ei tradisjonell kristendomsforståing, men korleis posisjonen hans faktisk kan karakteriserast, er framleis eit ope spørsmål. Dette drøftar eg nærare i neste kapittel.

5. Drøfting av Hognestad sin teologiske posisjon

Det førre kapitlet viser klart at Hognestad sin posisjon ikkje kan karakteriserast som klassisk kristendom. Eg vil no drøfte teologien hans vidare i forhold til andre relevante livssynsmessige posisjonar, og eg tar då delvis eit kronologisk utgangspunkt. Det tyder at drøftinga i stor grad følgjer Hognestad si utvikling slik den er skildra i kapittel 2 og 3. I praksis medfører det at eg startar med sekulære livssyn, fortset med ulike nyreligiøse tilnærmingar og vender tilbake til kristendomen, men no i ei postmoderne liberalteologisk form.

5.1 Sekulære livssyn

5.1.1 Nymarxisme

Hognestad sitt utgangspunkt i doktoravhandlinga (1978a og b) er politisk motivert med utgangspunkt i marxisme. Med støtte i Marx og Habermas meiner han å påvise at kyrkja og kristendomen fungerer som ein maktinstitusjon i samfunnet som undertrykkjer Bibelen sin eigentlege bodskap og samstundes opprettheld den kyrkjeskapte verkelegheita.

Desse tilhøva vil Hognestad (2006) revolusjonere, men ikkje som Marx gjennom å fjerne religionen, men gjennom å vidareutvikle den ved hjelp av nymarxisten Habermas si vektlegging på fredelege og kommunikative middel. Vitskapleg refleksjon, ideologikritikk og dialog er her viktige verkemiddel (Grande, 2004).

Hognestad deler også gjennom heile perioden Habermas sin kritikk av og fokus på det kapitalistiske målrasjonelle samfunnet og negative følgjer av dette, for eksempel miljøødeleggingar som han også tar opp i avskilsgudstenesta i 2010 (Hognestad, 2010c).

Marxistisk frigjering er derfor svært sentralt for Hognestad, og hans frigjeringsteologi er svært verdsleg og materialistisk retta. Teologien krinsar om dennesidige utfordringar som å redusere økonomisk og politisk undertrykking og auke sosial solidaritet med tanke på skape fred og ei leveleg framtid på jorda.

Jesus er her sentral som eit politisk og etisk revolusjonært førebilete. På same måte som Jesus aktivt motarbeidar religiøs, politisk og kulturell undertrykking, forkynner Hognestad (1981) at kyrkjelyden aktivt må følgje hans eksempel. Hognestad arbeider derfor for å mobilisere og aktivisere folk til å gjere noko med eigen og andre sin livssituasjon.

Så mens religionen i Marx sitt perspektiv fungerer som eit opium som døyver viljen til forandring, snur Hognestad på dette og ser på kristendomen som eit aktiviseringsmiddel for å skape samfunnsmessig forandring.

Hognestad sitt historiske utviklingsperspektiv er også påverka av marxismen. Her er historia ein dannelsingsprosess der mennesket etterkvar realiserer seg sjølv (Grande, 2004), og det tilsvarar Hognestad (1994) sitt syn på den menneskelege bevisstheita si utvikling gjennom tidene.

5.1.2 Humanisme

I tillegg til ein sekulær politisk motivasjon er mennesket og den menneskelege fornufta svært sentral i Hognestad sin teologi, og på denne bakgrunnen kan posisjonen hans også karakteriserast som humanisme.

Sandström (2005) trekkjer fram tre sentrale omgrep i humanistisk forståing av mennesket som også er viktige for Hognestad. Det er at mennesket blir sett på som åndeleg, godt og myndig.

Den åndelege sida handlar om mennesket si bevisstheit og følgjer av denne. Det er evna til sjølvreflekterande bevisstheit som plasserer mennesket i ein unik posisjon over anna liv og natur på jorda.

Bevisstheita skil mennesket frå dyra og medfører evne til vitskapleg tenking. Dette er viktig for Hognestad, og spesielt at bevisstheita har potensiale til ytterlegare åndeleg vekst (Hognestad, 2006). Utfordringa er å oppnå betre kontakt med dei ubevisste sidene av bevisstheita, og han argumenterer for dette innan eit naturvitskapleg verdsbilete, primært ved hjelp av psykologi.

Hognestad deler derfor humanismens positive syn på mennesket og moglegheitene det har. Mennesket sine ubevisste sider innehar eit guddommeleg potensiale som fører til eit svært optimistisk syn på mennesket og mennesket sin situasjon i framtida. Gjennom utviklingsprosessar kan mennesket verkeleggjere sin sanne menneskelege natur.

For å oppnå dette må mennesket myndiggjerast. Hognestad vil at menneska skal bli klar over at det ikkje finst gudegitte lover eller samfunnsordningar, alle er menneskelege verk, og mennesket kan og skal derfor sjølv endre desse til beste for mennesket (Hognestad, 1984).

Hognestad sin kyrjekritikk og frigjeringsteologi er derfor tydeleg prega av humanistiske tankar.

Det er spesielt tydeleg når Hognestad (1984) stadig framhevar dei menneskelege sidene ved Jesus, hans ytringar og eksemplariske handlingar. Fokuset på frigjering, sosial rettferd, nestekjærleik, fred, tilgiving og ytringsfridom er klart humanistiske trekk som oppjusterer verdien til enkeltmennesket (Grande, 2004).

Hognestad seier at han gjerne går i dialog med Human-Etisk Forbund, men på same måte som han stiller seg til New Age (Hognestad, 1989), vil han ikkje knyte seg tett opp til denne alternative organisasjonen, for han meiner det er kristendomen som er hans verkeområde (Brandvold, 2010a).

5.2 Nyreligiøsitet

Hognestad sin syntese av ulike perspektiv og fokus på heilskap, energi og identitetsutvikling kan som tidlegare nemnt karakteriserast som ei nyreligiøs tilnærming. Han omtalar sjølv tre rørsler som han i større eller mindre grad hentar inspirasjon frå og som tydeleg påverkar hans teologiske posisjon. I kronologisk rekkefølge er det gnostisisme (Hognestad, 1984), New Age (Hognestad, 1989) og subud (Hognestad, 2009i).

5.2.1 Nygnostisisme

Den klassiske gnostisismen var i si tid som i Hognestad si tilnærming, ei synkretistisk rørsle som byggjer på og forandrar eldre religiøse tradisjonar slik at dei passar med eigne system og førestillingar (Skottene, 2007). Mens gnostisismen ville vere ein fellesreligion i ein pluralisert hellenistisk-romersk kultur, vil Hognestad (2006) utvikle kristendomen slik at den kan fungere i dagens moderne pluraliserte kultur.

Innhaldsmessig koplpar også Hognestad tidleg tankane sine mot gnostisismen som han omtalar som ”en religiøs retning som bl.a. var opptatt av ’det indre lys’ i mennesket og la vekt på at kunnskap om En Selv også var kunnskap om Gud” (Hognestad, 1984, s. 96).

I gnostisismen hentar han inspirasjon om å nå høgare bevisstheitsnivå og gudserkjenning gjennom å arbeide med psyken og sjølvverkjenning, blant anna med støtte i Thomas-evangeliet (Hognestad, 2006).

Dette tidlege evangeliet inneheld ingen lidingshistorie og er prega av gnostiske førestillingar (Kvalvaag, 2003). Jesus er i dette perspektivet ein visdomslærer som frelser menneska gjennom å formidle hemmeleg innsikt om opplyst bevisstheit for slik å bli eitt med han.

Jesus er altså ein openberrar og ikkje ein forsonar, og frelse inneber dermed å få ny innsikt, gnosis, ikkje tilgiving av synder (Kvalvaag, 2003). Dette er akkurat det same som Hognestad hevdar gjennom sitt forfattarskap.

På den andre sida avviser Hognestad (2006) den klassiske gnostisismens nedvurdering av det materielle og tankar om at verda er skapt av ein vond gud, så derfor det nok rettare å seie at posisjonen hans er prega av nygnostisisme. Skottene (2007) plasserer også Hognestad under ei slik overskrift.

5.2.2 New Age

Kvalvaag (2003) ser på gnostisismen som antikkens New Age-rørsle, så på den bakgrunnen er det naturleg at Hognestad (1989) ser positive sider ved moderne New Age.

I forhold til kristendomen så vil New Age som Hognestad gjennomføre både ei av- og retradisjonalisering, for eksempel blir arvesynda avvist og mennesket blir sett på som innehavar av eit guddommeleg potensiale (Skottene, 2007).

Både Jung (Hyde & McGuinness, 1996) og Hognestad (1989, 1994) koplar også direkte gjennombrøtet av det høgare bevisstheitsnivå til ei gradvis realisering av ein ny og betre tidsalder.

Sire (2009, s. 9) omtalar New Age som ”the new consciousness”, og det sentrale er her som hos Hognestad (1989) utvikling av ei kosmisk bevisstheit. Her er Selv-realisering og foreining med den guddommelege krafta viktige siktemål.

Dette blir sett på som ein pågåande evolusjonsmessig transformasjonsprosess kor bevisstheita blir utvida og løfta til stadig høgare stadium (Skottene, 2007). I denne prosessen vil menneska frigjere stadig meir av dei indre guddommelege ressursane.

Her passar også Hognestad sitt positive syn på reinkarnasjon inn gjennom at mennesket sin psyke kan vekse og vidareutviklast frå liv til liv (Hognestad, 1994), noko som også er eit typisk synspunkt innan New Age (Kvalvaag, 2003).

Det same gjeld Hognestad (1994) sitt optimistiske menneskesyn og avvising av kristendomen sin djevel og helvete. Hognestad og New Age hevdar begge at dette er menneskelege oppfinningar som skaper kunstige dualismar i tilværet (Skottene, 2007).

New Age og Hognestad står derfor begge for eit holistisk og monistisk syn på tilværet (Skottene, 2007). Gjennom transformasjonsprosessar vil bevisstheita realisere ei høgare

foreining av eksisterande dualismar mellom det profane og heilage, mellom gud og menneske, og mellom gud og djevel (Hognestad, 1989).

Hognestad sitt optimistiske menneskesyn harmonerer godt med New Age, og det gjeld også hans stadige fokus på å ta vare på den materielle verda. Når Hognestad (1981) stadig er oppteken av økologiske utfordringar er det i tråd med New Age sin front mot forureining, overforbruk og opprustning (Kvalvaag, 2003).

På den andre sida vil Hognestad ikkje la seg forbinde ukritisk til samleomgrepet New Age. Han stiller seg positiv til endrings- og utviklingsperspektivet ein finn her, men påpeikar at mange slike rørsler eigentleg står for ei forsterka dyrking av egoet, at dei dermed ikkje er positive (Hognestad, 1989; 2008).

5.2.3 Subud

Subud er i følgje Austad (2010) ei rørsle som skal hjelpe mennesket med å oppleve det guddommelege i seg på tvers av religionar og livssyn, og han meiner at Hognestad høyrer heime her.

Det er ein bevegelse som starta med utgangspunkt i den indonesiske muslimen Bapak sine religiøse opplevingar på 1950-talet og som seinare har spreidd seg over heile verda (Romarheim, 1979).

Hognestad (2009i) stiller seg også positiv til denne rørsla, og det er mange kontaktpunkt mellom hans posisjon og subud. Blant anna så meiner Hognestad (2009i) at det sentrale i subud er å bli bevisst forbindelsen med Gud og å øve seg på å kjenne den ytre og indre gudskrafta.

Her står ei bestemt åndeleg øving, som kallast lathian, sentralt. Målet med denne er å langsamt heve bevisstheita gjennom fleire utviklingsstadium mot full bevisstheit om sitt eigentlege store potensiale (Romarheim, 1979). Slik skal den frigjere og utvikle latente evner og moglegheiter hos deltakarane (Andresen, 1987).

Utgangspunktet er her at fleire samlar seg, dei er stille og gjer seg klare til å motta impulsar frå det guddommelege. Etter ei stund, kanskje ein halvtime, startar opplevinga av gudskontakten. Dette kan komme til uttrykk på svært mange vis, for eksempel kneling, roping, gråt, song, framseiing av forståelege og uforståelege ord og at ein får svar på spørsmål (Romarheim, 1979; Hognestad 2009i).

Hognestad (2009i) skildrar det som å stå i eit regn av kjærleg energi og som ein indre vibrasjon som får armar og bein til å bevege seg.

Religiøse opplevingar er dermed svært viktig i subud. Øvinga føregår i grenselandet mellom kjensler, bilete og førestillingar, og blir derfor også forbunde med Jung og hans perspektiv på det religiøse (Andresen, 1987).

Negative og ubehaglege opplevingar høyrer naturleg heime her, og på same måte som i Hognestad (2003) sitt perspektiv, kan pinefulle opplevingar vere naudsynte for vidare åndeleg vekst og utvikling i subud (Romarheim, 1979).

På bakgrunn av dette kan ein sjå på subud som eit hjelpemiddel eller ein teknikk som bringer ein nærare den kosmiske bevisstheita og opplevingar av det guddommelege. Dette er heilt i tråd med Hognestad si vektlegging av mystiske og religiøse erfaringar som viktigare enn rett tru eller religionstilhøyrse.

5.3 Kristendom og liberal teologi

Kapittel 4 gjer det klart at Hognestad si forståing ikkje kan kallast klassisk eller konservativ kristendom, men kristen trustolking er mangfoldig, og det finst ulike forståingar av denne (Schanke, 2006).

Hognestad poengterer også at målet hans er å vidareutvikle den klassiske kristendomen og samstundes kunne fungere som prest i Den norske kyrkja (Brandvold, 2010a), så han meiner heilt klart at det er kristendom han forkynner.

Eg har tidlegare vist til mykje debatt omkring dette, men også at to av kyrkja sine fremste tilsynskvinner, biskopane Köhn og Fiske i Hamar, formelt har godkjent Hognestad sine meiningar ved å gi han fulle presterettar i kyrkja.

Hamar bispedømme har også lang tradisjon for liberale haldningar eller for ”nytenking, toleranse og folkelighet” som det skriv i sin kyrkjelege profil (Hamar bispedømme, u.å), for eksempel Schjelderup som ordinerte Norges første kvinnelege prest og Köhn som første kvinnelege biskop.

Hognestad brukar ikkje sjølv omgrepet liberal teologi, men han stiller seg i ei liberal historisk linje frå Garborg og Schjelderup og trekkjer fram desse som representantar for ønskje om endring og utvikling av den tradisjonelle kristendomen (Hognestad, 2006).

Hognestad si målsetjing med å reformere kristendomen frå innsida slik at den kan vere truverdig og relevant i ein moderne verden (Hognestad, 2006) er då også same apologetiske målsetjinga som liberale teologar fremja på slutten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet (Vålansmyr, u.å).

Hodgson (2007, s. 18) har i våre dagar vidareutvikla liberalteologien i ein retning som han kallar postmoderne liberalteologi, og den vidare drøftinga vil vise at det er svært stort samsvar mellom denne og Hognestad sin teologiske posisjon.

Frigjering, engelsk liberation, frå intellektuelle tradisjonar gjennom praktisk handling er her eit sentralt siktemål.

5.3.1 Klassisk liberalteologi

Hognestad sitt utgangspunkt i doktoravhandlinga (1978 a og b) med å leggje kritisk historie-, samfunns- og naturvitskap til grunn for bibelstudium tilsvarar dei klassiske liberale teologane som ved starten på 1900-talet argumenterer for at kristendomen må ta inn over seg eit moderne verdsbilete (Vålansmyr, u.å).

Her er det sentralt at tradisjonelle dogme og vedkjenningskrifter blir sett på som historiske overleveringar som må vurderast kritisk ut i frå dagens kulturkontekst og menneskelege erfaringar (Haanes, 1993).

I denne prosessen blir konservativ bibelsk fortolking med bokstavleg tru på blant anna skapingsforteljing, gudsbilete, under, forsoningslære og oppstode avvist som umogelege, og dei blir i staden sett på som mytiske forteljingar (Haanes, 1993). Dette tilsvarar Hognestad sin argumentasjon 100 år seinare.

Det same gjeld vektlegginga av religiøse erfaringar som overordna vurderingskriterium (Haanes, 1993). Hognestad er som den klassiske liberalteologien svært oppteken av slike erfaringar, jamfør boka *Morgendemring* (Hognestad, 1989) som krinsar omkring ulike religiøse opplevingar og følelsar.

Svært mange av desse er av mystisk art, og eit slikt fokus er også karakteristisk for tradisjonell liberalteologi. Tru og religion blir sett på som djupe mystiske forhold, sjelsevner og åndsverksemd (Haanes, 1993), og gjennom mystiske erfaringar kan ein få direkte kontakt med det guddommelege (Hognestad, 2006).

Hognestad deler også dei liberale teologane si kritiske haldning til den objektive forsoningslæra. Denne er sentral i konservativ teologi, og her er utgangspunktet at Gud er krenka av mennesket si synd, og dette må gjerast opp for. Det er det berre gudemennesket Jesus som kan gjere, og hans død blir sett på som eit forsonande og avløysande offer som gjenopprettar eller frelsar mennesket sitt forhold til Gud (Schanke, 2006).

Det er ei klar linje gjennom heile Hognestad sitt forfattarskap at han avviser denne læra og at han i staden, som dei liberale teologane, argumenterer for den subjektive forsoningslæra. Her er det ikkje fokus på forsoning, men på Gud sin uavgrensa kjærleik. Jesus sin død er derfor ikkje eit offer, men ein demonstrasjon på Guds kjærleik og tilgiving (Schanke, 2006).

I det tradisjonelle liberalteologiske perspektivet blir elles Jesus sett på som eit fullkome menneske og etisk førebilete (Haanes, 1993). Dette er ei oppfatning Hognestad (1984) heilt klart deler og framhevar Jesus som eit ideal når det gjeld nestekjærleik og motstand mot urett.

5.3.2 Postmoderne liberalteologi

Hodgson (2007) sin postmoderne liberale teologi inkorporerer klassisk liberal teologi, men vidareutviklar den i tråd med eit postmoderne verdsbilete.

Det er også svært mange fellestrekk i Hodgson og Hognestad sine syn på sentrale teologiske spørsmål, men også ein interessant forskjell i ulik tilnærming. Mens Hognestad (2006) argumenterer ut i frå psykologi og Jung, kjem Hodgson (2007) ofte til liknande teologiske standpunkt ut i frå Hegel sin filosofi.

Både Hognestad (2006) og Hodgson (2007) har same utgangspunkt når dei begge konstaterer at mennesket i dag lever i ei ny og postmoderne tid og trekkjer teologiske konsekvensar av dette. Dette medfører blant anna at dei er kritiske til tradisjonelle svar og autoritetar og har opne haldningar til dagens pluralistiske og stadig skiftande verkelegheit.

Dette er typisk for postmoderne teologi, og det same gjeld kontekstbevisstheit og samankopling av teologi, filosofi, religionsvitskap og kulturanalyse (Henriksen, 2006b).

Gudsoppfatninga er også i stor grad felles. Hodgson (2007) sitt utgangspunkt i Hegel gjer at han ser på Gud som *geist*, ånd, i form av energi, bevegelse, liv og bevisstheit. Denne koplar saman kosmos, det guddommelege og mennesket og skaper eit holistisk og evolusjonært verdsbilete. Hodgson (2007) kallar eit slikt syn på Gud for panenteisme. Det inneber at verda ikkje er Gud, men at verda blir driven av Gud og at gudskrafta er i alt.

Dette er eit livdrivande og utviklande syn på Gud som tilsvarar Hognestad sitt syn (1989; 2006), både når det gjeld skapande kraft og den bevisstheitsmessige utviklinga.

Hognestad (1984) og Hodgson (2007) deler også oppfatninga av at "Guds rike" er ein metafor for jordiske frigjeringsprosessar mot ulike former for politisk, sosial og kulturell undertrykking.

Her er Jesus eit førebilete som manifesterer kjærleik og det guddommelege, "Jesus is our companion and guide in this process" (Hodgson, 2007, s. 29). Frelse er derfor noko som Jesus gjer med og gjennom menneska, og ikkje noko han gjer for dei.

Hodgson (2007) sitt syn på oppstoda er også svært likt det Hognestad (2003) presenterer. Hodgson ser på dette som ein metafor for ein guddommeleg prosess der ein overvinn døden og bringer uendeleg kjærleik ut av uendeleg lidning. Det handlar om "the losing of the self for the sake of the other" (Hodgson, 2007, s. 51). Igjen kjem Hognestad (2003) og Hodgson (2007) til same teologiske syn via høvesvis Jung og Hegel.

Hognestad (1984) og Hodgson (2007) har også likt syn på Jesus, ikkje som Gud, men som eit menneske som er radikalt orientert mot Gud. Han blir sett på som ein formidlar eller mediator mellom det guddommelege og menneskeheita som reorienterer menneska frå å vere sjølvsentrerte til å bli gudsentrerte.

Jesus er i denne prosessen eit førebiletleg eksempel som viser korleis ein kan transformere og forbetre tilværet og den gjeldande kulturen (Hodgson, 2007).

I følgje Hodgson (2007) og Hognestad (2006) er det naudsynt å vidareføre dette gjennom aktiv handling i dag, og begge peikar på aktuelle problemområde i dagens komplekse økonomiske, politiske og kulturelle verden, for eksempel forureining og undertrykking.

Begge trekkjer også praktiske konsekvensar av teologien sin, og Hodgson (2007) peikar på tre spesifikke og viktige innsatsområde som også Hognestad (2006) er oppteken av. Det er frigjering, økologi og kristendomen sitt forhold til andre religionar.

Det første handlar om frigjering frå ulike former for undertrykking. Her trekkjer Hodgson (2007) fram tradisjonell frigjering frå fundamentalisme, rasisme, klasse- og kjønnsdiskriminering, men også moderne frigjering frå konsumsamfunnet, homofobi og rein sekularisme.

Det andre området som også Hognestad (1978b; 2006) er oppteken av gjennom heile forfattarskapet, er økologiske utfordringar. Naturen må frigjerast frå menneskeleg øydelegging for det vil i neste omgong øydeleggje livsvilkåra for menneska. Eit økologisk perspektiv inneber ein holistisk og relasjonell kosmologi der alt heng saman med alt (Hodgson, 2007). Her er skaping og destruksjon to naturlege og parallelle utviklingsprosessar, akkurat slik det er i Hognestad sitt perspektiv.

Det siste området som Hodgson (2007) meiner treng frigjerast, er kristendomen sitt forhold til andre religionar. Han meiner at kristendomen ikkje har monopol på sanninga, og at den og andre religionar vil kunne vidareutviklast gjennom dialogiske prosessar, for eksempel med hinduismen og buddhismen. Hognestad (2006) argumenterer for akkurat det same, og dette forkynner han også i preiker (Hognestad, 2009e).

5.4 Oppsummering

Hodgson (2007) sin postmoderne liberale teologi byggjer på klassisk liberalteologi, og den er så open at den gir rom for alle dei sekulære og nyreligiøse retningane eg har drøfta i høve til Hognestad.

Her er det opning for eit nyreligiøst syn på Gud som ei evolusjonsdrivande guddommeleg kraft som manifesterer seg på ulikt vis i natur og menneske gjennom historia, og som kan erfarast uavhengig av religion.

Jesus er i dette perspektivet eit ideelt og førebiletleg menneske som frigjer og forandrar menneskeleg bevisstheit og aktuell politisk, sosial og kulturell situasjon. Posisjonen har slik også ei tydeleg humanistisk og politisk side.

I praksis så medfører dette at Hognestad transformerer den klassiske kristendomen. Dei religiøse omgrepa er dei same, men fortolkinga av desse blir omforma.

6. Konklusjon:

Transformert kristendom og postmoderne liberalteologi

Strategien med å halde Helge Hognestad sin teologi opp mot andre samanliknbare posisjonar har vore ein fruktbar innfallsvinkel mot problemstillinga i denne masteroppgåva. Den får fram kontrastar og likskapar og bidrar til å skape oversikt over Hognestad si teologiske utvikling, samstundes som den gjer det mogleg å nærme seg hans teologiske posisjon frå ulike retningar.

Sentralt i den teologiske utviklinga er Hognestad sitt ønskje om å utvikle og reformere kristendomen til eit høgare og moderne nivå. Her er ei forståing av Gud som evolusjonsdrivande energi eit sentralt utgangspunkt, og teologien hans krinsar rundt bevisstheit og kontakt med denne krafta.

Dette gjer at eg ser på reformasjonsprosjektet hans som ein transformasjon. På same måte som elektriske transformatorar hevar elektrisk spenningsnivå vil han transformere kristendomen til eit høgare og energisentrert nivå.

Denne nivåtransformeringa fører i neste omgong til ein fortolkingstransformasjon. Her blir forståinga av innhaldet i den klassiske kristendomen transformert i tråd med eit evolusjonært og bevisstheitsutviklande bibel- og samfunnssyn.

Utviklinga skjer gradvis gjennom dei dryge tretti åra frå doktoravhandlinga og fram til han blir pensjonist. Utgangspunktet er kritisk marxistisk og samfunnsvitskapleg undersøking av kyrkja si forkynning i forhold til eit moderne verdsbilete. Han frigjer teologien frå tradisjonar, vedkjenningar og institusjonar, og dekonstruerer slik sentrale sider ved klassisk kristendom, for eksempel Jesus sin forsonande død på korset.

Parallelt med dette startar han prosessen med å rekonstruere si nye og transformerte kristendomsforståing. Her er moderne samfunnsvitskap, djupnepsykologi og nyreligiøse tilnærmingar viktige utgangspunkt, og gjennom desse byggjer han gradvis opp og argumenterer for si forståing av ein dogmekritisk postmoderne teologi.

Her er heving av menneskeleg bevisstheit og guddommeleg energi sentrale element. I eit jungiansk perspektiv meiner han at den menneskelege bevisstheita kan frigjerast frå egosentrisk bevisstheit og transformerast opp på eit høgare nivå med direkte kontakt med den guddommelege krafta.

I følge Hognestad er Jesus eit menneske på dette nivået. Jesus viser korleis ein kan nå dette og praktiske konsekvensar av det. Dette demonstrerer han når han utheld smerte og ”korsfestar sitt ego”, og gjennom heile livet er hans frigjerande politiske og sosiale engasjement eksemplariske. På denne måten er Jesus eit opplyst førebilete i dagens samfunn.

Hognestad sin kristendom er derfor også kulturelt transformerande, og den vil mobilisere til aktiv handling for å skape menneskeleg frigjering og økologisk balanse. Dette er tydeleg dennesidig frigjeringsteologi med utgangspunkt i ei nymarxistisk politisk og samfunnsretta målsetjing.

På bakgrunn av dette meiner eg at Hognestad sin teologiske posisjon best kan karakteriserast som postmoderne liberalteologi. Dette er Hodgson (2007) sitt omgrep på ein teologi som omfattar dei aller fleste sidene ved Hognestad sin transformerte kristendom.

Dette er ein frigjerande teologi for eit postmoderne, sekulært og pluralistisk samfunn som er open for personlege erfaringar av Gud og fri frå tradisjonelle vedkjenningar og institusjonar. Her er det rom for Hognestad si immanente, bevisstheitsorienterte og panenteistiske gudsforståing, hans dialogbaserte tilnærming til nyreligiøsitet og andre religionar, og hans samfunnsorienterte og menneskesentrerte teologi.

I denne teologien kan det mystiske eksistere i lag med det empiriske, og både Hodgson og Hognestad etterlyser ein postmoderne holistisk ontologisk fortolking av verkelegheita som knyter saman teori og praksis, natur og ånd, psyke og kultur, og det personlege og det politiske engasjement.

Hognestad sin postmoderne liberalteologi medierer og meklar mellom vitenskap og tru, kristendom og nyreligiøsitet, og kultur og tradisjon for å gjere kristendomen troverdig og nyttig i dagens verkelegheit.

Denne medierande prosessen transformerer fortolkinga av det teologiske innhaldet, og dette skaper i neste omgong debatten omkring Hognestad. Debattantane brukar her dei same teologiske omgrepa, men fortolkinga av innhaldet er ofte så ulikt at dei hyppig snakkar forbi kvarandre.

Det er primært kristendomen sitt teoretiske grunnlag som blir debattert, for eksempel Guds form og karakter, og Hognestad sin postmoderne liberalteologi oppfattast nok av mange som

utradisjonell og akademisk, samstundes som han oppfattar den tradisjonelle forståinga som forelda og naiv.

Dette gjer diskusjonen vanskeleg, men eg trur det er viktig at begge sider er opne for vidare ordskifte, for det kan vidareutvikle både den klassiske og den postmoderne forståinga av kristendomen.

Dei praktiske konsekvensane og etikken er Hognestad og kritikarane einige om, her er det nestekjærleik som er det sentrale.

Hognestad legitimerer si forståing ut ei frå ei syntese av humanistiske og politiske målsetjingar, kombinert med religiøse erfaringar, vitskap og kvasivitskaplege paranormale innfallsvinklar. Dette skapar eit vidt og liberalt grunnlag som appellerer til mange i randsonene av den tradisjonelle kristendomen, men ikkje til dei meir konservative, for eksempel majoriteten av biskopane.

Når Köhn og Fiske likevel vurderer det slik at Hognestad kan arbeide med fulle presterattar, erklærer dei i praksis Hognestad sin postmoderne liberalteologi som godkjent kristendomsforståing i Den norske kyrkja.

Her er eg einig med kritikarane i at det kunne vore nyttig med ei grundig undersøking av Hognestad sin teologiske posisjon i kyrkja si lærenemd. Eg trur nok at denne vil vere einig med meg i at Hognestad står langt frå den konservative kristendomen, men det interessante vil vere å få høyre lærenemda og kyrkja sitt offisielle og grunnleggjande standpunkt i høve til postmoderne liberalteologi.

På den andre sida forstår eg også at Hognestad ikkje ventar på ei slik godkjenning, for ingen som ønskjer å reformere det eksisterande, forventar å bli godkjent av gjeldande autoritetar.

7. Litteraturliste

- Andresen, R. S. (1987). *Subud sett innenfra*. Asker: Askerforlaget.
- Austad, T. (2010, 22. juni). Hognestad og Guds rike. *Vårt Land*, s. 24.
- Bergens Tidende, (2000, 27. juli). Hognestads gjenkomst. *Bergens Tidende*, s. 18.
- Bjørke, C. N. (2010, 15. mai). En prest og en plage. *Vårt Land*, s. 28.
- Brandvold, Å. (2007, 26. oktober). - Vekk med synd og skyld. *Klassekampen*, s. 6.
- Brandvold, Å. (2010a, 10. juni). Skal preke på søndag. *Klassekampen*, s. 10.
- Brandvold, Å. (2010b, 17. juni). Gjør dåpen positiv. *Klassekampen*, s. 9.
- Fonn, G. O. (2010, 14. juni). Varm avskjed med omstridt prest. *Vårt Land*, s. 14.
- Grande, P. B. (2004). *Sentrale livssyn*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Hamar bispedømme, (u.å). *Kirkelig profil*. Henta frå <http://www.kirken.no/hamar/tekstsider.cfm?id=31811>
- Hauge, G. (2007). Møtet med biskop John Shelby Spong. *Kirke og kultur*, 112(2), 208-213.
- Henriksen, J-O. (2006a). Innledning: Hva er hermeneutikk? I: J.O Henriksen (red.), *Tegn, tekst og tolk* (s. 13-16). Oslo: Pensumtjeneste.
- Henriksen, J-O. (2006b, 23. juni). Teologiens fløyfilosofer. *Morgenbladet*, s. 16.
- Hodgson, P. C. (2007). *Liberal theology*. Minneapolis: Fortress.
- Hognestad, H. (1978a). *Forkynnelse til oppbrudd*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hognestad, H. (1978b). *Forkynnelsen – kirkens forsvar?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Hognestad, H. (1981). *Gud på Høvik*. Oslo: Pax.
- Hognestad, H. (1982). *En kirke for folket*. Oslo: Cappelen.
- Hognestad, H. (1984). *Tro underveis*. Oslo: Cappelen.
- Hognestad, H. (1989). *Morgendemring*. Oslo: Cappelen.

- Hognestad, H. (1994). *Den indre kilde*. Oslo: Cappelen.
- Hognestad, A. (1997). *Livskriser og kreativitet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Hognestad, H. (2000). *Fra alter til våpenhus*. Oslo: Genesis.
- Hognestad, H. (2003). *Paulus – og forvandlingens mulighet*. Oslo: Emilia.
- Hognestad, H. (2006). *Gud i mennesket*. Oslo: Flux.
- Hognestad, H. (2008, 14. februar). Kristus i oss. *Vårt Land*, s. 25.
- Hognestad, H. (2009a, 24. august). *La livets kilde flyte, så ingen stanser den*. Henta frå http://www.helge-hognestad.no/preken/storhamar_kirke_og_hamar_domkirke_24._juli_2005
- Hognestad, H. (2009b, 24. august). *26. søndag etter pinse*. Henta frå http://www.helge-hognestad.no/preken/storhamar_kirke_13._november_2005
- Hognestad, H. (2009c, 24. august). *Bots og bededag*. Henta frå http://www.helge-hognestad.no/preken/storhamar_kirke_30._oktober_2005
- Hognestad, H. (2009d, 24. august). *Elske Gud*. Henta frå http://www.helge-hognestad.no/preken/preken_2007/hamar_domkirke_19.s.e._pinse_7._oktober_2007
- Hognestad, H. (2009e, 24. august). ”Herre, hør!” Henta frå http://www.helge-hognestad.no/preken/preken_2007/hamar_domkirke_bots-og_bededag_28._oktober_2007
- Hognestad, H. (2009f, 24. august). *Evangelium for folk*. Henta frå http://www.helge-hognestad.no/preken/preken_2007/hamar_domkirke_1.s._i_advent_2._desember_2007
- Hognestad, H. (2009g, 24. august). ”Gud i mennesket”. Henta frå http://www.helge-hognestad.no/preken/preken_2008/furnes_kirke_17.sept._08
- Hognestad, H. (2009h, 24. august). *Gudsnærvær*. Henta frå http://www.helge-hognestad.no/preken/preken_2008/vangseter_19.okt.08
- Hognestad, H. (2009i, 23. september). *Subud – om å kjenne Guds kraft*. Henta frå http://www.helge-hognestad.no/artikler/subud_-_om_a_kjenne_guds_kraft

- Hognestad, H. (2009j, 11. desember). *Julemyten – om det guddommelige i mennesket*. Henta fra [http://www.helge-hognestad.no/artikler/julemyten - om det guddommelige i mennesket](http://www.helge-hognestad.no/artikler/julemyten_-_om_det_guddommelige_i_mennesket)
- Hognestad, H. (2010a, 27. mars). Kirken og det nye. *Aftenposten*, s. 5.
- Hognestad, H. (2010b, 31. mars). Påskemyten. *Klassekampen*, s. 15.
- Hognestad, H. (2010c, 10. juni). *Sakkeus og forvandlingen*. Henta fra [http://www.helge-hognestad.no/preken/preken_2009_2010/hamar_domkirke_13.juni_2010_luk.19.1-10 sakkeus og forvand](http://www.helge-hognestad.no/preken/preken_2009_2010/hamar_domkirke_13.juni_2010_luk.19.1-10_sakkeus_og_forvand)
- Holbek, J. A. (2010, 19. juni). Hognestad ikke velkommen. *Vårt Land*, s.10.
- Hollekim, G. (1989, 21. september). Farvel til kirkens lære. *Aftenposten*, s. 16.
- Hovland, T. H (1983). Konturene av Helge Hognestads teologi. *Luthersk kirketidende*, 118(2), 43-46.
- Hugaas, J. V. (1999). Helge Hognestad og den Norske kirkes bekjennelse. *Luthersk kirketidende*, 134(1), 8-15.
- Hyde, M. & McGuinness, M. (1996). *Jung for begynnere*. Nørhaven: Bracan.
- Haanes, V. (1993). Hva er liberal teologi? *Credo*, (7), s.16-19.
- Kallestad, J. og Norheim, A. D. (2010, 8. juni). Lar Hognestad fortsette. *Vårt Land*, s. 14.
- Kallestad, J. (2010, 12. juni). – Hognestads lære er ikke kristen. *Vårt Land*, s.10.
- Kvalvaag, R. W. (2003). *Det guddommelige jeg*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lund, J. M. (2010, 19. mars). Hognestad har et kall. *Vårt Land*, s. 2.
- Nordhaug, H. (2002, 22. juni). Kirken, Bibelen og religiøse erfaringer. *Aftenposten*, s. 8.
- Nordstokke, K. (2009). Frigjøringsteologi. I: *Store Norske Leksikon*. Henta fra Store Norske Leksikon Online.
- NTB (1989, 15.september). – Beklager å miste Hognestad som prest. *NTB*.

- Olsen, K-J. (2002, 10. juni). Helge Hognestad skaper ny strid – også udøpte kommer til Gud. *Aftenposten*, s. 4.
- Prestegård, G. (1983, 20. oktober). Kristendom må være kristendom! *Aftenposten*, s. 2.
- Romarheim, A. (1979). *Moderne religiøsitet*. Oslo: Aschehoug.
- Sandström, H. E. (2005). *Nyere livssyn og idestrømninger*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Schanke, Å. (2006). *Kristen tro*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sire, J. W. (2009). *The universe next door*. Downers Grove: InterVarsity Press.
- Skjevesland, O. (1979). Forkynnelse til sammenbrudd. *Luthersk kirketidende*, 114(6), 162-171.
- Skottene, R. (2007). Nygnostisk antropologi. *Tidsskrift for teologi og kirke*, 78(1), 19-40.
- Solheim, O. B. (1979). Forkynning og legitimering. *Kirke og kultur*, 84, 253-256.
- Solli, E. (1986). *Hognestad-saken*. Bergen: Norsk Lærerakademi.
- Stausberg, M. (2006). Sammenligning. I: S. E. Kraft og R. J. Natvig (red.), *Metode i religionsvitenskap* (s. 29-50). Oslo: Pax.
- Tafjord, B. O. (2006). Refleksjonar kring refleksivitet. I: S. E. Kraft og R. J. Natvig (red.), *Metode i religionsvitenskap* (s. 243-259). Oslo: Pax.
- Thelle, N. (2008, 4. februar). Juks gir ikke nytenking. *Vårt Land*, s. 25.
- Thelle, N. (2010, 15. april). Påskemyten - Hognestads avskjedssøknad? *Vårt Land*, s. 24.
- von Franz, M. L. (1995). Individuationsprosessen. I: C. G. Jung, *Människan och hennes symboler* (s.158-229). Stockholm: Forum.
- Vålandsmyr, A. I. (u.å). *Hva er liberal teologi?* Henta frå <http://jesusnet.no/article.php?id=312>
- Wigen, T. (1984). Vilkår for sant og usant om Gud. *Tidsskrift for teologi og kirke*, 55(1), 13-29.

Wingren, G., Fløistad, G., Jervell, J., Lønning, P., og Hognestad, H. (1978). *Forkynnelse, legitimering og motforestillinger*. Oslo: Universitetsforlaget.

Ådna, J. (2002, 23. mai). Fusker med idehistorien. *Vårt Land*.

Aadnanes, P. M. (2008). *Gud for kvarmann*. Oslo: Universitetsforlaget.